3. Forskotsskatt og forskotstrekk på formue og inntekt vert rekna etter følgjande satsar:
For personlege skatteytarar og dødsbu som vert likna etter § 15-3 i skattelova:
Skatt på inntekt (*) 11,3 %
Skatt på formue 1 %
(*) Skatt på inntekt vert fastsett i h.t. det høgaste skatteøre som Stortinget vedtar.
4. a Til finansiering av investeringar i 2011 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 103.740.000, som fordeler seg slik:

- Ordinære investeringar	91.440.000
- VAR-investeringar	3.300.000
- Omsorgsbustader (Husbanken)	4.500.000
- Flyktningebustader (Husbanken)	4.500.000

b - Nedbetalingstid på lån 2011-2012, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskride 25 år.
- Nedbetalingstid på lån 2013-2014, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskride 20 år.
- Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskride 25 år.
c Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i vedtatt finansreglement av 21.06.2010.
5. a For lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån) vert det i 2011 tatt opp inntil 15 mill.kr.
b I medhald av retningslinjene frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på ¼ % pr. utlån.
6. a Framlegg til kommunemål, indikatorar og ambisjonar 2011 vert godkjent.
b Under fokusområde økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:
- Netto driftsresultat: Minimum 3 %.
- Likviditet: Arbeidskapital minimum 15 %.
7. For løyvingar til vedtekne prosjektet (investeringar) som ikkje er fullførte ved årsskiftet 2011/2012 kan resterande løyving førast opp i kapitalbudsjettet for 2012 eller seinare år

utan ny behandling i kommunestyret.

8. Kommunale avgifter/betalingssetar vert auka slik i 2011:

Foreldrebetaling barnehagar: Gjeldande makspris (følgjer retningslinjer frå sentralt hald)	kr 2.330 pr.mnd.
Eigenbetaling omsorgstenester	eige regulativ
Kulturskulen	+ 4 %
Foreldrebetaling SFO	+ 4 % / eiga sak
Byggesaksbehandlingsgebyr	eiga sak
Plangebyr	eiga sak
Oppmålingsgebyr	eiga sak
Kloakkavgift	+ 7 % eiga sak
Renovasjonsavgift	inga auke
Vassavgift	+ 10 % eiga sak
Gebyr slam	+ 4 %
Feieavgift	+ kr 10
Husleige kommunale bustader	+ 5 %

9. Kommunestyret ber Hovudutval for skule og barnehage vurderer å satse meir på god rusforebygging allereie frå barneskulen i samarbeid med skule, foreldre, politi og kriminalomsorg.
10. Kommunestyret ber Hovudutval for helse og omsorg vurderer eldreombud og utvida dagens tilbod for dei eldre, for å hindra ensomhet og passivitet. Klepp kommune må i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar leggje til rette for eit rikt tilbod tilpassa dei ulike behova som finst blant eldre for å auka livsglede og samfunnsdeltakinga.
11. Kommunestyret ber om at reglane for tilskott til idrettsbygg blir tatt opp til vurdering, spesielt m.o.t. tidspunkt for utbetaling. Det blir laga ein plan for utbetalningar av dei midlene der det allereie er gitt tilsagn om slikt tilskott, og at dette blir innarbeidd i handlingsplanen 2012-15.
12. Kommunestyret ber om at det blir fremma ei sak angående Klepp som FairTrade kommune.
13. Kommunestyret ber om ei sak som viser kostnadskonsekvensane innan omsorgstenestene ved opning av Kleppetunet II med for eksempel 16

plassar. Denne blir lagt fram for kommunestyret før september 2011.

14. Kommunestyret ber om ei orientering om tildeling av støttekontaktar.
15. Kommunestyret ber om at det blir satt ned ei gruppe med representantar frå NAV, etat for helse sosial og omsorg, eventuelt andre.
 Gruppa skal gi ein statusoversikt over unge sosialhjelpsmottakarar og vurdera mulige tiltak, bla. "Snu i døra" og "Kvalifiseringsprogrammet", for tettare og meir effektiv oppfølging. Dette for å få ungdommane raskt ut i meiningsfull jobb, skule, eventuelt behandling. Målet må vera å hindra vidare sosialhjelpskarriere.
 Kommunestyret ber gruppa særleg utgreie erfaringar frå prosjekt for unge sosialhjelpsmottakarar andre stader i landet med god effekt, før ferien 2011.
16. Målkartet i Handlingsplan for 2011 har som kommunemål at "Barn og unge skal ha trygge oppvekstvilkår." Ein av indikatorane er: "Ungdommen si oppleving av psykisk helse skal vera på fylkessnittet eller betre."
 Kva tiltak vil Klepp kommune setja inn for å betra barn og unge sine oppvekstvilkår, slik at dei opplever betre psykisk helse? Kommunestyret ber om ei sak om dette før ferien 2011.

Saldering / ekstra rammestyrking:

		2011	2012	2013	2014
Drift barnehage Tjøtta:		4,1 mill	4,1 mill	4,1 mill	4,1 mill
Ekstraordinært vedlikehald:		4 mill			
Drift Kleppetunet II: (i tillegg til tidlegare avsett)			4 mill	4 mill	4 mill
Til fordeling i etatane:		4,4 mill	4,4 mill	4,4 mill	4,4 mill
Fordelt slik for 2011:					
Lokal utvikling:	0,50 mill				
Sentraladministrasjonen:	0,50 mill				
Kyrkja:	0,10 mill				
Helse, sosial og omsorg	1,65 mill				
Skule og barnehage	1,65 mill				


5. GRUNNLAG OG PREMISER FOR HANDLINGSPLANEN

5.1. FOLKETALSUTVIKLINGA

Folketalet i Klepp var 16 918 pr 01.01.2010. Folketalet auka med 568 personar i 2009. Dette utgjer ein folketilvekst på 3,5%. Folketilveksten har vore 2,3% i gjennomsnitt dei 10 siste åra.


I første halvår 2010 har folketalet auka til 17 137. Det er ein prosentvis vekst på 1,3%. Det er grunn til å rekna med ein folketilvekst på i overkant av 2,5% i 2010.

Det var fødte 142 barn i Klepp i 1. halvår 2010. Vi kan rekna med eit fødselstal på om lag 280 barn på årsbasis. Dei 10 siste åra er det fødte 225 barn i gjennomsnitt i året i kommunen. Netto innflytting var 357 i 2009. 1. halvår 2010 var netto innflytting 113 (1. kvartal 78 og 2. kvartal 35). Dette kan tyda på at innflyttinga vil bli ein god del mindre i 2010 enn i 2009.



SSB utarbeider nye prognosar for framskriving av folke- mengda kvart 2. år. Dei siste prognosane har folketalet pr 1. januar 2010 som basis. Alternativ LLML (låg nasjonal vekst) viser ein årleg

vekst på 2,5% i gjennomsnitt for Klepp i perioden 2010 – 2015. LLML betyr låg fruktbarhet, låg levealder, middels innanlands mobilitet og låg nettoinnvandring. For heile landet viser LLML ein folketilvekst på 0,9%, for Rogaland 1,4%, Sandnes 1,8% og Rennesøy 2,95% og Klepp 2,5%.



Kommunestyret har nyleg vedtatt at folketilveksten i Klepp skal ned frå dagens nivå til 1,5% innan 2013. Fleire store bustadfelt er nå på det næraste utbygde, og det er også usikkert kva tid og i kva tempo regulerte prosjekt med utbyggingsavtalar blir gjennomførde. Oversikt over utbyggingsplanane i Klepp viser at vi kan

rekna med vesentleg reduksjon i folketalsveksten i høve til den høge veksten vi har hatt dei siste 4-5 åra.

5.2. STATSBUJSJETTET 2011 OG KOMMUNANE

5.2.1. KOMMUNESEKTOREN SINE INNTEKTER I 2010

Regjeringa meiner at skatteinngangen i 2010 vil kunne bli 0,8 mrd. større enn tidlegare lagt til grunn (i revidert nasjonalbudsjett 2010). Anslaget for pris- og lønsvekst i kommunesektoren i 2010 (deflatoren) vert samstundes auka frå 3,1 % til 3 ¼ %. Denne oppjusteringa er knytt til at årslønsauken i 2010 vert anslått noko høgare enn tidlegare berekna. Etter dette vert den reelle veksten i kommunesektoren sine samla inntekter i 2010 anslått til 7,1 mrd. eller 2,3 %. Realauken i dei frie inntektene i 2010 vert anslått til 3,9 mrd. eller 1,8 %.

5.2.2. KOMMUNESEKTOREN SINE INNTEKTER I 2011

Regjeringa følgjer opp forslaget til nytt inntektssystem f.o.m. 2011. Regjeringa meiner det nye inntektssystemet vil bety eit enklare og meir rettferdig system for fordeling av inntektene mellom kommunane. Dagens utgiftsutjamning skriv seg frå 1990-talet (Rattsø 1996). Kostnadsnøkklane er blitt oppdaterte i takt med endringar i befolkninga, levekår og ufrivillige skilnader i kostnadsnivået. Dei regionalpolitiske elementa i inntektssystemet er også justerte. Det er i tillegg innført eit eige storbytilskot.

Øyremerka tilskot til barnehagar vert inlemma i kommunane sine frie inntekter i 2011. Andelen frie inntekter av dei samla inntektene aukar etter dette til om lag 80 % (inkl. momskompensasjon). Andelen øyremerka tilskot vert redusert til knapt 5 %.

Regjeringa legg opp til ein nominell auke i kommunane sine frie inntekter på 3,7 %. I tabellen nedanfor er denne spesifisert på hovudkomponentene skatt og rammetilskot. Trekker ein frå anslått pris-/lønsvekst i kommunesektoren (deflator) i 2011 på 2,8 % vert realveksten om lag 0,9 %.

	Milliard kroner	I % (1)
Skatt formue/inntekt	-7,6	- 6,5
Rammetilskot	15,2	17,9
SUM FRIE INNT.	7,6	3,7
Pris-lønsauke 2011		-2,8 %
Realauke		0,9%

Reduksjonen i skatteinntektene må sjåast i samanheng med at skattedelen av dei totale inntektene vert sett ned frå 45 til 40 %, mot ei tilsvarende auke i ramme

tilskotet. Den kommunale skattøyren for personlege skatteytarar vert som følgje av dette sett ned frå 12,8 % til 11,3 %.

(1) Auken er basert på anslag på rekneskap 2010. Dvs. at den antatte skatteauken i 2010 er medtatt i inntektsgrunnlaget for 2010.

- *Auka skattean-slag i 2010 med 800 millioner.*
- *Pris- og løns-veksten i 2010 vert auka frå 3,1 % til 3,25 %*
- *Nytt inntekts-system frå 2011*
- *Barnehagetilskotet vert innlemma*
- *Nominell auke i kommunane sine frie inntekter i 2011 på 3,7 %*
- *Pris-og løns-auke i kommunesektoren i 2011 på 2,8 %*
- *Realauke frie inntekter 0,9 %*
- *Skattedelen av dei totale inntektene vert redusert frå 45 til 40 %*
- *Rammetilskotet vert auka tilsvarende*
- *Den kommunale skattøyren vert redusert med 1,5 %-poeng*

Veksten i dei frie inntektene må sjåast i samanheng med auka utgifter knytt til den demografiske utviklinga. Desse utgiftene er rekna å bli i overkant av 2 mrd. I tillegg vil kommunane få auka pensjonskostnader (negativt premieavvik) i 2011 på om lag 600 mill. Dette må også dekkjast innanfor dei frie inntektene.

Følgjande tilskotsordningar vert innlemma i rammetilskotet frå 2011:

- Barnehagetilskotet med tilsaman ca. 27,7 mrd. Heri inngår det vanlige driftstilskotet, tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne og skjønsmidlar.
- Vidareføring av foreldrebetalinga (maksprisen) for ein heiltids barnehageplass på same nivå som 2010 ca. 260 mill.
- Opptrapping av likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar frå 01.08.2011 ca. 90 mill.
- Løyving til kvalifiseringsprogrammet ca. 1,2 mrd. (*) Regjeringa foreslår å leggja om refusjonsordninga for individstønad for deltakarar på kvalifiseringsprogram.
- Gratis leksehjelp/ekstra undervisningstime ca. 350 mill.
- Tilskot til krisesentre ca. 240 mill.
- Fysioterapi – behandling i utlandet ca. 22 mill. og auka finansieringsansvar (*) ca. 230 mill.
- Skyss SFO funksjonshemma ca. 18 mill.

(*) Desse midlane er lagt inn i rammetilskotet som tilskot med særskilt fordeling. Dei øvrige innlemmingane inngår i innbyggjartilskotet/utgiftsutjamninga.

Det vert gjort følgjande endringar/tillegg i øymerka tilskot:

- Tilskot til ressurskrevjande tenester vert gitt realauke på 200 mill. Kommunane vil som tidlegare få kompensert 80 % av netto lønsutgifter ut over innslagspunktet. Innslagspunktet for 2011 vert kr 895.000.
- Kommunalt barnevern vert styrka med eit nytt øymerka tilskot på 240 mill. Hovuddelen av løyvingane skal gå til nye stillinger i kommunane. Midlane vert fordelt av fylkemannen etter søknad frå kommunane.
- Styrking av samhandlingsreforma med 200 mill.
- Styrking av rusfeltet med 100 mill.

- *Øymerka midlar på om lag 30 milliarder vert innlemma i rammetilskotet frå 2011.*

- *Dette gjeld m.a. tilskot til: Barnehagar Kvalifiseringsprogrammet Gratis leksehjelp Krisesentre*

- *Nytt øymerka tilskot til barnevern*

5.3. FELLESINNTEKTER/-UTGIFTER

5.3.1. Frie inntekter: Skatt 2010

SKATTE-AUKE i % 2010	Vedtatt budsjett	Auke pr. 31.08.	Prognose presentert i formannskapet 06.09.	Faktisk auke pr. 30.09.	Revidert anslag i statsbudsj. 2011
Klepp kommune	7,2% (8,8%)	3,8 %	5,0 %	4,6 %	(7,0 %)
Landet	6,4 %	3,7 %	4,5 %		7,0 %

Tabellen viser at inngangen både i Klepp og på landsbasis ligg godt under budsjettprognosene. Med berre tre månader att av året så ligg me 2,7 %-poeng under periodisert budsjett. Rådmannen har tidlegare signalisert at vi må rekne med underdekning og budsjettsvikt i 2010 på grunn av skatten.

Til tross for tilsvarende svak utvikling på landbasis, så gjer styremaktene seg andre tankar i statsbudsjettet for 2011. På bakgrunn av ”ny informasjon” meiner regjeringa at skatteinngangen vil ta seg opp, og ende på + 7 %. Det ser ut for at regjeringa m.a. forventer gunstigare utslag av skattefordelingsoppgjøret for 2009 enn året før.

Normalt ligg vår skattevekst over landsgjennomsnittet. Denne gongen er rådmannen i tvil om vi bør leggja oss likt med landsgjennomsnittet. I skrivande stund virker + 7 % å vera svært optimistisk, men med regjeringa si ”velsigning” gjer me det likevel..

5.3.2. Frie inntekter: Skatt 2011

Skatteanslaget for komande år vert alltid basert på forventta inngang (anslag på rekneskap) inneverande år. Vi følgjer regjeringa sitt anslag med 6,5 % reduksjon i 2011.

Reduksjonen i 2011 heng saman med at regjeringa ønskjer å redusere skattedelen av dei samla frie inntektene frå 45 til 40 %.

Dette betyr ein samla reduksjon i skatten på landsbasis på 11,7 mrd., med tilsvarende auke i rammetilskotet. Anslaget på -6,5 % framkjem slik:

Endring i % pga. nedsett skatteandel	-10,3 %
Pris- og lønsjustering (deflator)	2,8 %
Andel realuke-11 lagt inn i skatten	1,0 %
Netto effekt i %	-6,5 %

For å oppnå nødvendig effekt på skatteinngangen i kommunane vert den kommunale skattøyren sett ned med 1,5 %-poeng, frå 12,8 % til 11,3 %.

- *Skatteanslaget i Klepp for 2010 vert sett til 7%, i samsvar med prognosen på landsbasis*

- *Skatteanslaget i Klepp for 2011 vert sett til -6,5 %, i samsvar med prognosen på landbasis*

5.3.3. Frie inntekter: Rammetilskotet 2011

Som nemnd framføre er det gjort store endringar i berekninga og fordelinga av dei frie inntektene – dvs. i inntektssystemet frå 2011. I rammetilskotsdelen er det lagt inn nye kostnadsnøkler, det er gjort visse endringar i de politiske elementer og m.a. er barnehagetilskotet innlemma. Den reduserte skatteandelen er også ein del av omlegginga av inntektssystemet. Viser elles til omtale av kommunesektoren sine inntekter i 2011 framføre.

I det følgjande vert hovudelementa i omlegginga av rammetilskotet, og verknadane av desse for Klepp kommune gjennomgått.

Innbyggjartilskotet.

Innbyggjartilskotet utgjør ryggraden i rammetilskotet, og utgjør om lag 95 mrd. i 2011. Ein mindre del blir trekt ut og fordelt etter særskilte fordelinger. I 2011 er 1,7 mrd. til fysioterapi, frukt og grønt i ungdomsskulen og kvalifiseringsprogrammet trekt ut. Etter dette vert innbyggjartilskotet fordelt med eit likt beløp pr. innbyggjar.

I basis ligg vidareføring av 2010-tilskotet. Deretter er alle endringar, tillegg og justeringar som følgjer av regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2011 lagt inn – herunder innlemming av barnehagetilskotet. I tabellen nedanfor er tilskotet fordelt pr. innbyggjar, og gir Klepp kommune 326,4 mill.

INNBYGGJARTILSKOTET	Antal innb. pr. 01.07.10 17137	Kroner Pr. innb.	Totalt mill.kr
Grunnlag: Vidareføring av 2010-innbyggjartilskotet		10 083	172,8
Redusert tilsk.Nord-Norge/endra småkomm.tilskot		62	1,1
(*) Div. innlemminger m.v fra 2011 inkl. heilårsverknad		5 883	100,8
Senka skatteandel		2 392	41,0
Innlagt realvekst 2011		227	3,9
Kompensasjon løns-/prisvekst (deflator 2,8 %)		400	6,9
SUM		19 047	326,4

(*) Div. innlemminger/justeringer m.v.	Totalbeløp mill.kr landet	Pr. innb. i kroner
Portoutgifter skatt	-17,5	
Bostøtte	-44,0	
Auka timetal/gratis leksehjelp	346,6	
Helårsveknad Skyss SFO funksj.hemm.	10,2	
Skyss SFO funksjonshemma	7,1	
Innlemming krisesentre	231,3	
Fysioterapi - behandl. i utlandet	21,5	
Innlemming barnehagar	26937,9	
Barnehager foreldrebetaling	255,8	
Barnehager likverdig beh. komm.-private	90,0	
Auka elevtal i statlige og private skular	-27,0	
Minoritetsspråkl. - leggjast inn i utgiftsutjamm.	944,7	
	28756,6	5 883

Beløpa i tabellen er ikkje prisjusterte.

- *Innbyggjartilskotet i 2011 er berekna til kr 19 047 pr. innbyggjar.*
- *Utgjer for Klepp kommune 326,4 mill.*
- *Vår andel utgjør 3,5 o/oo av det totale innbyggjartilskotet*
- *Innanfor desse tala ligg m.a. innlemming av barnehagemidlane*

Fleire av desse tilskota er i 2010 budsjettert som øyremerka tilskot på dei respektive etatane. Ved innlemming i rammetilskotet må etatane gis kompensasjon for bortfall av desse inntekter. Sjå eige omtale nedenfor.


Utgiftsutjamninga

I innbyggjartilskotet framføre er midlane fordelt ut frå antall innbyggjarar. Gjennom utgiftsutjamninga får kommunane kompensasjon for kostnadsskilnader - skilnader som dei sjølve ikkje kan påvirke. Det gjeld til dømes aldersfordelinga, og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Det foretas ein omfordeling i innbyggertilskotet frå dei kommunane som er billigare å drive enn landsgjennomsnittet, til dei kommunane som er dyrare å drive enn landsgjennomsnittet. Denne omfordelinga skjer i praksis gjennom kostnadsnøkklane.

I indeksen for berekna utgiftsbehov er landsgjennomsnittet 1,00. Kommunar med ein indeks som er mindre enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er mindre enn landsgjennomsnittet – og motsatt.

Utgiftsbehovet for kommunane er etter dei nye kriteriene i 2011 berekna til eit gjennomsnitt på kr 40 309 pr. innbyggjar. Klepp kommune sitt utgiftsbehov er berekna til kr 39 276 pr. innbyggjar = 97,44 % av gjennomsnittet. Dvs. at vi er (framleis) ein meir leddreven kommune enn landsgjennomsnittet, og får dermed eit trekk i innbyggjartilskotet på kr 1 033 pr. innbyggjar. Totalt utgjer trekket ca. 17,6 mill.

I grafen nedanfor er utviklinga i utgiftsutjamninga for Klepp kommune i perioden 2007-2011 illustrert. Etter dei nye kriteriene ser vi at 2011 markerer eit klårt skille. Vårt utgiftsbehov er auka frå om lag 93-94 % til over 97 %. Tilsvarande er trekket i innbyggjartilskotet (vårt ”bidrag” til utgiftsutjamninga) redusert frå ca. 40 mill. i 2010 til 17,6 mill. i 2011. Vi er pr. definisjon blitt ein meir tungdreven kommune enn tidlegare.



P.g.a. at det er kome nye og endra kriterier og vektningar er det til dels umogleg – og til dels utan meining - å samanlikne dei einskilde kriteriene frå 2010 til 2011. Nokre

kriterier er tatt ut, nokre er endra og nye er kome til. Frå 2011 er det 25 kriterier mot 19 tidlegare.

Ein nemnar følgjande hovudtrekk i utgiftsutjamninga:

- Dei samla alderskriteriene utgjer ein mindre del av dei totale kriterievektene frå 2011 - 67 % mot 72 % i 2010.
- Innanfor dette er gruppa 0-5 år gitt vesentleg meir vekt enn tidlegare – jf. barnehageinnlemminga - på bekostning av øvrige grupper. Særleg er gruppene over 67 år sin samla vektning gått markert ned.
- Klepp kommune sin andel av 0-5 åringer er klart større enn landsgjennomsnittet, mens andelen eldre er markert mindre (pr. 01.07.2010). Med dei nye vektningene betyr dette at Klepp scorer langt betre på alderskriteriene enn tidlegare.
- I 2010 ga alderskriteriene oss eit trekk i utjamninga på ca. 6,6 mill. I 2011 gir alderskriteriene oss eit tillegg i utjamninga på ca. 23,4 mill.
- Dei øvrige, korrigererte og nye kriteriene sin andel av totalen er auka. Vårt målte utgiftsbehov på dei aller fleste av desse kriteriene her ligg under gjennomsnittet, og slår dermed negativt ut for Klepp. Som døme gir kriteriet ”Ikkje-gifte 67 år og over” oss eit trekk på over 13 mill. i 2011 – mot 6 mill. i 2010.

Oppsummering kriterier og utgiftsutjamning 2010-2011:

Kriterium	Vekting		Utgiftsutj. for Klepp kommune	
	2010	2011	1000 kr	1000 kr
Aldersfordeling	0,724	0,673	-6 653	23 435
Øvrige/nye kriterier	0,276	0,327	-33 534	-41 133
Sum	1,000	1,000	-40 187	-17 698

Nærare om barnehagemidlane

Det er ikkje mogleg å identifisere dei innlemma barnehagemidlane i kroner i 2011. I den tekniske berekninga av korrigert rammetilskot for 2010 er barnehagetilskotet for Klepp oppgitt til 109,2 mill. Dette stemmer brukbart med vårt eige budsjett i 2010. På landsbasis utgjer dette ca. 27 mrd. – jf. spesifisert oversikt framføre om tillegg/innlemmingar i innbyggjartilskotet frå 2011. Og med kriterieendringar som gir gunstig utslag for Klepp for aldersgruppa 0-5 år er det grunn til å tro at vi i utgangspunktet ikkje taper på innlemminga av barnehagetilskotet. Rammetilskotet 2011 er basert på folketallet pr. 01.07.10, men om vi med dette får full uttelling for heilårsverknadane av nye barnehageplassar i 2010 synast noko usikkert. Det vi veit med sikkerheit er at det ikkje er tatt høgde for nye planlagte plasser i 2011 i rammetilskotet.

• *Endringane i alderskriteriene i utgiftsutjamninga gir relativt god vinst for Klepp kommune*

• *Totalt sett vinn Klepp kommune på omlegginga av inntekts-systemet/rammetilskotet*

• *Ikkje mogleg å identifisere barnehagemidlane beløpsmessig innanfor rammetilskotet i 2011*

• *I utgangspunktet taper ikkje Klepp kommune på innlemminga av barnehagetilskotet*

5.3.4. Saker med særskilt fordeling

Midlar som hører inn under innbyggjartilskotet, men som ikkje blir fordelte etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet.

	I 1000 kr.
Styrking av kommunane sitt finansieringsansvar for den avtalebaserte fysioterapitenesta	532
Frukt og grønt til elevar i skular med ungdomstrinn ungdomstrinn	989
Kvalifiseringsprogrammet, inkl. individstønad	3 442
SUM	4 963

- Beløpet til fysioterapi utgjer om lag ei fordobling i høve til 2010, og etaten (HSO) vil få tilført auken som er på 267.
- Frukt og grønt er på same nivå som 2010. Etat for skule og barnehage er blitt kompensert for dette i ramma tidlegare.
- Kvalifiseringsprogrammet er nytt innanfor rammetilskotet, og er auka i høve til tidlegare. Det øyremerkta tilskotet fell bort (ca. 2,1 mill. i 2010), og HSO-etaten må få kompensert heile tilskotet i si ramme.

5.3.5. Inntektsgaranttilskot (INGAR)

Føremålet med ordninga er å gje kommunane ein skjerming mot brå svikt i rammetilskotet, og dermed gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Gjennom ordninga avgrensar ein negativ vekst i høve til landsgjennomsnittet. INGAR blir finansiert med eit likt trekk pr. innbyggjar i alle kommunane.

INGAR tek utgangspunkt i endringa i totalt rammetilskot på nasjonalt nivå - i kroner pr. innbyggjar. Ingen kommunar skal ha ein vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn kr 300 under berekna vekst på landbasis pr. innbyggjar.

Frå 2010 til 2011 er korrigert vekst på landsbasis kr 3 035 pr. innbyggjar. Tabellen nedanfor syner at Klepp kommune sitt inntektsnivå ligg godt over kompensasjonsgrensa. Vi må bidra med 2,5 mill. i finansiering av INGAR.

Innbyggjartal pr. 01.07.10	17137
2011	
Korrigert rammetilskot 2011 Klepp i mill.kr.	308,8
Korrigert rammetilskot 2010 Klepp i mill.kr.	<u>244,5</u>
Absolutt korrigert vekst 2010-2011 mill.kr	64,3
Absolutt korrigert vekst 2010-2011 pr. innb. i kr.	3752

Korr. vekst pr. innbyggjar på landsbasis i kr	3035
"Minstefrådrag" (vekst som ikkje blir kompensert)	<u>-300</u>
Vekstgrense pr. innb. for å få INGAR i kr.	<u>2735</u>
Klepp ligg over kompensasjonsgrensa pr. innb. (3752-2735)	1017
Finansiering av INGAR pr. innb. i kr	-147
INGAR for Klepp totalt i kr. mill.kr	-2,5

- *Midlar utenom dei ordinære kriteria i inntektssystemet utgjer ca. 5 mill. kr i 2011.*

- *Klepp kommune har for stor inntektsauke i 2011 til å få inntektsgaranttilskot.*

- *Me må bidra til finansiering av ordninga med 2,5 mill.*

5.3.6. Veksttilskot

Tilskotet er ein kompensasjon til kommunar med særleg høg folketalsauke. Veksttilskotet vert gitt til kommunar som gjennom dei siste tre åra har hatt ein gjennomsnittleg folketalsauke ut over 175 % av landsgjennomsnittet i same periode. I tillegg må kommunane ha skatteinntekter under 140 % av landsgjennomsnittet dei siste tre åra. Tilskotet vert gitt som eit fast beløp pr. nye innbyggjarar ut over vekstgrensa. For 2011 er satsen sett til kr 42 395.

Veksttilskotet i 2011 for Klepp kommune er rekna til 9,3 mill., og antas å vera det største vi vil få. Det er rekna av treårsperioden 2007-2009 då folketalsauken var på sitt høgaste. Tilskotet forventes redusert gradvis i HP-perioden i takt med at dei påfølgjande treårsperiodane har lågre folketalsauke enn 2007-2009. Ein annan føresetnad er at folketalsauken på landsbasis held seg rundt 1 % pr. år. Basert på ein forventa folketalsauke på 1,5 % i Klepp frå 2013 vil veksttilskotet etter dagens regler, falle heilt vekk rundt 2016-2017.

- *Veksttilskotet er på sitt høgaste i 2011.*
- *Ein reknar med at tilskotet fell heilt vekk frå 2016-2017.*

VEKSTTILSKOT		FAKTISK				PROGNOSE				
		2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Folketalsauke	Klepp	3,0	3,7	3,2	3,5	2,5	2,2	2,0	1,5	1,5
i %	Landet	0,9	1,2	1,3	1,2	1,2	1,0	1,0	1,0	1,0
Gjennomsnitt av folketal for perioden					2005-2007	2006-2008	2007-2009	2008-2010	2009-2011	2010-2012
Gjennomsnittlig folketalsauke i % i aktuell periode					2,91	3,30	3,47	3,07	2,72	2,23
Pronose antal innbyggjarar over grensa					200	217	219	154	128	66
Veksttilskott mill.kr					8,0	8,9	9,3	6,5	5,5	2,8

5.3.7 Oppsummering frie inntekter 2011

FRIE INNTEKTER	2010	2011	Endring
Skatt	397,5	371,7	-25,8
Inntektsutjamning	-1,3	1,6	2,9
Rammetilskot:			
Innbyggjartilskot	170,2	326,4	156,2
Utgiftsutjamning	-39,9	-17,7	22,2
Tilskot etter særsk.fordeling	4,1	5,0	0,9
INGAR	0	-2,5	-2,5
Veksttilskot	8,9	9,3	0,4
SUM rammetilskot	143,3	320,5	177,2
SUM FRIE INNTEKTER	539,5	693,8	154,3

5.3.8 Realvekstpåslag frie inntekter 2012-2014


Til liks med tidlegare år har ein lagt inn eit årleg realvekstpåslag dei siste 3 åra i HP-perioden. I tidlegare handlingsplanar har ein lagt inn eit beløp tilsvarende 1 % av frie inntekter. I komande 3-årsperiode 2012-2014 har ein valt å leggja inn ca. 0,9 %, som utgjer ca. 6 mill. pr.år (2011-kroner). Dei økonomiske prognosane for kommunesektoren for åra framover er uansett usikre.

5.4. LÅN, AVDRAG OG RENTER

5.4.1. Lånegjeldsutvikling og avdrag

Prognosen for gjeldsutviklinga i perioden (ekskl. START-lån) baserer seg på foreliggjande forslag til investeringar i perioden på 457 mill. inkl. VA-sektoren. Av dette er 303 mill. forutsatt finansiert med lån. Sjå også under pkt. 2.3. Investeringar framføre.

Graf: Utvikling lånegjeld i mill.kr. i perioden 2011-2014 – ekskl. START-lån



Avdragstid ordinære lån er basert på budsjettvedtak for 2010:

- 2010-2012: 25 år
- Frå 2013: 20 år
-

Avdragstid
Husbanklån: 25 år

5.4.2. Rentebetingelsar

Det er lagt til grunn følgjande føresetningar i handlingsplanen:

<i>Renteutgifter</i>	
Nye låneopptak 2011-2013 eks. Husbanken	3,25 % p.a.
Husbanken	3,00 % p.a.
Eksisterande lån	Dei betingelsar som følgjer av gjeldande ev. endra låneavtaler. Snittrente eksisterande lån er berekna til 3,75 % p.a. i 2011. Dette inkluderer fastrentelån, som utgjør om lag 1/3 av lånegjelda pr.d.d.
<i>Renteinntekter</i>	
Rentekompensasjon frå Husbanken	3,0 % p.a.
Ansvarlege lån til Lyse og Klepp Energi	3-mnd. NIBOR + 2,0 % p.a.
Renter bankinnskott	3-mndr. NIBOR + 0,5 % p.a.
Renter/avkastning obl.fond/andre plasseringar	Snitt 5,0 % p.a.

Tabell: Prognose renter og avdag på lån og renteinntekter 2011-2014

Mill.kr	2011	2012	2013	2014
Renteutgifter	19,6	21,6	22,6	22,8
Avdragsutgifter	38,0	42,1	46,4	48,0
Sum renter og avdrag	57,6	63,7	69,0	70,8
<i>Renteinntekter:</i>				
Rentekomensasjon staten	3,7	3,5	3,3	3,2
Renter på innskott/plasseringar	4,6	4,6	4,6	4,6
Renter ansvarleg lån Lyse	5,8	5,6	5,3	5,1
Renter ansvarleg lån Klepp Energi	2,1	2,1	2,0	2,0
Sum renteinntekter	16,2	15,8	15,2	14,9

5.5. ANDRE FELLESINNTEKTER/-UTGIFTER

5.5.1. Utbytte E-verka

På eigarmøte i Lyse 7.oktober 2010 blei det signalisert følgjande prognose for utbytte i perioden 2010-2013:

	Totalt i mill.kr.	Klepp kommune i mill.kr.
2010	327	13,8
2011	340	14,4
2012	350	14,8
2013	360	15,2
2014	?	15,6 Eige anslag

Utbytte frå Klepp Energi baserer seg på strategiplan lagt fram hausten 2008.

5.5.2. Seniortiltak, dekning akkumulert premieavvik og eigeassurans KLP

Til dekning av vikarutgifter i samband med seniortiltak, til nedbetaling av oppsamla premieavvik samt til eigassurans for AFP 62-65 år er det budsjettert med tils. 3,2 mill. årleg.

5.6. PROGNOSE FELLESINTEKTER/-UTGIFTER 2011-2014

oekpl-2011-2014

Pr. 01.11.10 (saldert)

Skatteanslag: Regnskap 2009: Klepp + 6,5 og landet + 5,9 % HP- 2010: Klepp + 8,8 % og landet + 6,4 % Rev. progn.HP 2010: Klepp + 7 % og landet + 7 % HP-2011: Klepp -6,5 % og landet -6,5 %	REGN- SKAP 2009	2010		AVVIK 2010	HANDLINGSPLAN Faste 2011-priser				
		VEDTATT BUDSJ.	KORR BUDSJ.		2011	2012	2013	2014	
SKATT FORMUE/INNTEKT	371,5	404,1	397,5	6,6	371,7	371,7	371,7	371,7	
INNTEKTSUTJAMNING	-5,5	-7,5	-1,3	-6,2	1,6	1,6	1,6	1,6	
INNBYGGJARTILSKOT	153,6	170,2	170,2	0,0	326,4	326,4	326,4	326,4	
UTGIFTSUTJAMNING	-37,5	-39,9	-39,9	0,0	-17,7	-17,7	-17,7	-17,7	
MIN.SPRÅKL. ELEV/FRUKT-GRØNT/FYSIOTERAP.	3,7	4,1	4,1	0,0	5,0	5,0	5,0	5,0	
INNTEKTSGARANTITILSKOT	6,6	0,0	0,0	0,0	-2,5	-1,5	0,0	-0,7	
VEKSTTILSKOT	8,0	8,9	8,9	0,0	9,3	6,5	5,5	2,8	
Tiltakspakke-09/ekstra gen.styrk.	9,9								
SUM RAMMETILSKOT	144,3	143,3	143,3	0,0	320,5	318,7	319,2	315,8	
SUM FRIE INNTEKTER	510,3	539,9	539,5	0,4	693,8	692,0	692,5	689,1	
SKJØNN: SPRÅKDELING	2,7	3,0	3,0	0,0	3,0	3,0	3,0	3,0	
Påslag realvekst frie innt. Ca. 1 %						6,0	12,0	18,0	
FRIE INNT.+SKJØNN + REALVEKST	513,0	542,9	542,5	0,4	696,8	701,0	707,5	710,1	
Momskompensasjon investeringer	15,1	33,0	33,0	0,0	28,2	26,3	15,4	12,7	
Ny rentekomp.skoler, kirker	0,0	1,7	1,0	0,7					
Komp.R/A omsorgbol./H&S + R skoler/sv.hall.	3,00 %	4,6	3,3	0,0	2,9	2,8	2,7	2,6	
Tilsk.grunnskuleref.-97 (art 1816)	1,0	0,8	0,8	0,0	0,8	0,7	0,6	0,6	
Tilsk. kirka (tiltak) + div.	0,9								
KLEPP ENERGI A/S: UTBYTTE	2,0	3,0	3,0	0,0	5,0	6,0	7,0	8,0	
RENTER LÅN 40 mill.	5,25 %	1,7	1,9	-0,2	2,1	2,1	2,0	2,0	
FRIKRAFT	1,4	1,5	1,5	0,0	1,5	1,5	1,5	1,5	
LYSE ENERGI A/S: UTBYTTE	15,1	13,7	13,7	0,0	14,4	14,8	15,2	15,6	
RENTER LÅN 127 mill	5,25 %	5,4	5,4	0,0	5,8	5,6	5,3	5,1	
RENTEINNT. INNSK./PLASSERING	3,75%/5 %	5,3	4,6	0,6	4,6	4,6	4,6	4,6	
KURSGEVINST obligasjoner	4,7		3,0	-3,0					
Renteinnt. Etabl.-/START-lån	3,00 %	3,4	5,7	5,7	0,0	5,8	5,7	5,5	
Kalk. renter og avskr.- overføring fra VA		2,7	2,2	2,2	0,0	2,4	2,4	2,4	
		48,2	42,1	44,7	-2,6	45,2	46,1	46,8	47,9
A. SUM FELLESINTEKTER		576,3	619,7	621,3	-1,6	770,2	773,5	769,7	770,7
RENTEUTG. Ekskl. etabl./START-lån	3,25 %	14,2	18,2	16,3	1,9	19,6	21,6	22,6	22,8
RENTEUTG. Etabl./START-lån	3,0 %	3,7	5,7	5,7	0,0	5,8	5,7	5,5	5,5
AVDRAG ekskl. etabl./START-lån		26,6	32,4	31,5	0,9	38,0	42,1	46,4	48,0
B. SUM FELLESUTGIFTER		44,5	56,3	53,6	2,7	63,4	69,5	74,5	76,3
C. NTO. TIL DISPOSISJON (A-B)		531,8	563,4	567,7	-4,3	706,8	703,9	695,3	694,4
<u>Særlege utg./innt./overf./avsettingar:</u>									
Overf. driftsmidler til invest.= momskomp inv.	15,2	33,0	33,0	0,0	28,2	26,3	15,4	12,7	
Seniortiltak: Vikarutgifter	0,6				1,0	1,0	1,0	1,0	
Dekn. akk. premieavvik KLP/STP	1,4	1,0	1,5	-0,5	1,0	1,0	1,0	1,0	
Årets premieavvik KLP/STP	1,3		-5,8	5,8					
Egenass. AFP 62-65 år	1,3	1,5	2,0	-0,5	1,2	1,2	1,2	1,2	
Avsett.forsikringsfond (eigenandel)	0,1	0,1	0,1	0,0	0,1	0,1	0,1	0,1	
Avsett. VAR's andel rentinntekter/div.	1,2								
Avsetting disposisjonsfondet	0,0	0,6	0,6	0,0	0,9	0,9	0,8	0,8	
Tilleggsøyvingar (formannsk.)	0,0	0,3	0,3	0,1	0,3	0,3	0,3	0,3	
D. SUM OVERF./AVSETTINGER		21,1	36,5	31,7	4,9	32,6	30,8	19,8	17,1
(C-D) TIL FORDELING PÅ ETATANE		510,7	526,9	536,0	9,1	674,2	673,2	675,5	677,3
FORDELTE RAMMER - jf. side 11		502,9	526,8	526,8	0,0	674,2	673,2	675,5	677,3
REST UDISPONERT		7,8	0,1	9,2	9,1	0,0	0,0	0,0	0,0

5.7. ØYREMERKA TILSKOT OG KORREKSJONAR SOM ER LAGT INN I RAMMETILSKOTET FRÅ 2011

Som nemnd framføre er det ein del tilskot som tidlegare var øyremerka, samt ein del korreksjonar som frå 2011 er lagt inn i rammetilskotet. Desse midlane får etatane kompensert i rammene frå 2011.

Førmål/tiltak	Kva omfatter midlane	Beløp på landsbasis i mill. kr	Ramme-kompensasjon 2011 i 1000 kr
Barnehage	✓ Driftstilskot, tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne og skjønnsmidlar	27 690	117 350
	✓ Vidareføring av maksimalprisen på 2010-nivå for heiltids barnehageplass	260	Ligg inne i dei 117,35 mill.
	✓ Likeverdig behandling private og kommunale barnehagar. Kommunen sine minimumsforpliktingar auke frå 88 til 91 % frå 01.08.2011	91	(5/12) 130
Grunnskule	✓ Utviding timetal i grunnskulen og gratis leksehjelp (heilårskonsekvens)	350	Lagt inn i rammene i HP 2010-2013
	✓ Skyss SFO funksjonshemma	18	70
Fysioterapi	✓ Auka finansieringsansvar(*)	231	
	✓ Behandling i utlandet	22	300
Krisesenter	✓ Ny lov om kommunalt ansvar for krisesenter frå 01.01.2010	238	500
Sosialhjelp	✓ Kvalifiseringsprogrammet (*)	835	
	✓ Individstønad (*)	406	3 400
	(*) Desse midlane er lagt inn i rammetilskotet som tilskot med særskilt fordeling. Dei øvrige inngår i innbyggjarilskotet/utgiftsutjamninga.		
SUM		ca. 30 000	121 750

5.8. PREMIEAVVIK 2011

I tertialrapport 2 for 2010 er prognose for premieavviket i 2011 varsla. Iflg. KLP og SPK sine berekningar vil det bli eit negativt premieavvik på tils. 5 mill. i 2011, som inneber ei tilsvarande forverring av rekneskapsresultatet dette året. Negativt premieavvik oppstår når premieinnbetalingane er rekna å bli mindre enn pensjonskostnadane. Premieavviket er, tilliks med tidlegare år, ikkje tatt høgde for i salderinga av budsjettet/handlingsplanen.

Det positive for kommuneøkonomien med negative premieavvik er at dette reduserer tidlegare års oppsamla premieavvik (i tillegg til dei årlege avdraga). Som igjen betyr at trekket på likviditeten vert redusert i 2011. Pr. 31.12. 2010 reknar ein med at oppsamla premieavvik (likviditetstrekk) vil liggja rundt 17-18 mill. Sånn går det når man gjennom fleire år - med signing frå statlege styresmakter - bokfører utgifter vi strengt tatt ikkje har dekning for. Det er forøvrig varsla at nedbetalingstida på oppsamla premieavvik skal kortast ned frå 15 til 10 år frå 2012.

5.9. BARNEHAGEPLASSAR OG DRIFTSKOSTNADER 2011-2014

Årskull	Barnetal pr. 22.09.10. regist. på helsestasjonen	Forventa behov over og under 3 år ut frå barnetal 22.09.10	Barnehage-plassar pr. 22.09.10 d.v.s barn med plass	Behov aug. 2011 2, 5 % vekst	Behov aug. 2012 2,5 % vekst	Behov aug. 2013 1,5 % vekst	Behov aug. 14 1,5 % vekst
2006	286						
2007	279						
2008	260						
Samla over 3 år	825	825 (100 % av barnetalet)	784	846	867	880	893
2009	301						
Før 01.09.2010	202						
Samla under 3 år	502	427 (85 % av barnetalet)	417	437	448	455	462

Løysingar:

	Udekka behov	Løysing
August 2011 (2, 5 % vekst)	Over 3 år: 62. Under 3 år: 20	Ny privat barnehage på Tjøtta: 5 – 6 avdelingar opner
August 2012 (2, 5 % vekst)	Over 3 år: 21. Under 3 år: 11	Ta i bruk 8 avd. på Tjøtta.
August 2013 (1,5 % vekst)	Over 3 år: 13. Under 3 år: 7	Rehabilitering/ ombygging Borsheim (ca. 2 avd.)
August 2014 (1,5 % vekst)	Over 3 år: 13. Under 3 år: 7	Ta i bruk deler av brakker på Tu (ca. 2 avd.)

Meir-driftskostnader:

2011	5 /12 av drift av 5 avdelingar på Tjøtta	= 4 100 000
2012	Heilårsdrift av 5 avdelingar + 5/12 av 3 avdelingar på Tjøtta	10 000 000 + 2 400 000 = 12 400 000
2013	Heilårsdrift av 8 avdleingar på Tjøtta + 5/12 av 2 avdelingar Borsheim	16 000 000 + 1 500 000 = 17 500 000
2014	Heilårsdrift av 8 avdelingar på Tjøtta, 2 avdelingar på Borsheim + 5/12 av 2 avdelingar brakker Tu.	16 000 000 + 3 500 000 + 1 500 000 = 21 000 000

Kapasitet i brakker og skulen på Tu:

- Skulen: 356 m2 leikeareal i ”ny” del = 64 barn u. 3 år
379 m2 leikeareal i ”gammal” del = 95 barn over 3 år.
- Heile brakkene: 470 m2 leikeareal = 27 barn u. 3år og 72 barn over 3 år.
- Deler av brakkene (jmf. Løysing i 2014): 195 m2 leikeareal =
18 barn under 3 år og 24 barn over 3år.

Sentraladministrasjonen

HANDLINGSPLAN 2011 - 2014

Innleiing

Sentraladministrasjonen omfattar rådmannen, politisk sekretariat, sentralarkiv, sentralbord, personal, sysselsetting og lærlingar, økonomi, rekneskap/løn, budsjett/finans, innkjøp, skatt og IT.

I 2011 er sentraladministrasjonen tildelt ei pris- og lønsjustert nettoramme på 31,8 mill. Dette utgjer 5,8 % av total nettoramme på ca. 544,2 mill. Prosentandelen er tilnærma uendra frå 2009. Dei øvrige åra ligg ramma mellom 31,2 og 31,8 mill. avhengig av valår eller ikkje.

• Fellestenestene og personalavdelinga

Generelt

Hovudbildet av situasjonen er at det blir arbeidd godt innan alle dei sentrale arbeidsfelta politisk sekretariat, sentralarkivet, sentralbordet (servicetorget i rådhuset) og personaltenestene. Samtidig ser ein behovet for utvida engasjement på fleire områder, men ressursituasjonen har avgrensa desse muligheitene.

Politisk sekretariat, sentralarkivet og sentralbordet (servicetorget i rådhuset) arbeider innan stramme rammer med små ressursar i forhold til alle dei oppgåvene som skal løysast. Det er fleire personar i redusert stilling pga seniortiltak.

Hausten 2010 har avdelinga fått rekruttert kontorlærling som vil etter ei tid avhjelpa noko på det tronge rammene.

Det er viktig å satse på programvare som kan gjera administrasjon og vedlikehald så lite ressurskrevjande som mulig. Dette vil og gje ein betre service for innbyggjarane.

Etter ei samla vurdering vil ein ikkje be om stillingsauke i 2011, men vurdere situasjonen fortløpande.

I 2011 skal det avviklast eit kommuneval som krev ekstra ressursar. Avvikling av kommuneval er ein del dyrare enn avvikling av Stortingsval, det og vil bli nødvendig å supplera/fornya ein del av valutstyret til neste kommunevalet.

Utfordringar/handlingsmål i 2011

- Utarbeide rutine for sikrere og rask svar til dei som henvender seg til kommunen.
- Styrkje utnyttinga av sak/arkivsystemet, gje opplæring og vidareutvikla god elektronisk dokumentflyt.
- Vidareutvikling av tenester og service til publikum på web/internett.
- Styrke service og vidareutvikle elektronisk kommunikasjon for/mot politikarane.
- Leggja godt grunnlag for heile kommunen slik at vi utviklar eit godt arbeidsmiljø, god rekruttering og god oppfølging av gravide og sjuke som kan føra til redusert sjukefråvær.
- Få på plass gode registreringsrutinar for kompetanse for alle tilsette.
- Gjennomføre kommuneval

Kontingenten til KS har auka jamt og trutt dei siste åra, herunder særleg dei såkalla OU-midlane. Berekna meirutgifter i 2010 vert om lag kr 100 000. I 2011-2014 trengs tilsvarande rammeauke.

Kontrollutvalet behandla budsjett for kontroll og tilsyn 2011 i møte 2.september 2010. Utvalet ber om ei rammeauke på ca. ¼ mill. Auken fordeler seg med ca. kr 70.000 på kontrollutvalet og kr 175.000 til revisjon (forvaltningsrevisjon).

- **Økonomiavdelinga**

Ei stor utfordring for økonomiavdelinga er å ivareta behovet for oppdatert kompetanse. Dette gjeld på alle våre fagfelt, men kanskje i størst grad innanfor innkjøp, IT og finans.

Innkjøp er blitt ein eige fagdisiplin, med eit omfattande regelverk rundt seg. Vi samarbeider godt med våre nabokommunar og vi nyttar til dels innkjøpsassistanse (IAV). Vi nyttar elektroniske løysingar i fleire fasar av innkjøpsprosessen. Løysingar som gir god vinst når dei vert fullt rulla ut i organisasjonen og vidareutvikla. Men alt dette krev oppfølging. Vi treng å styrke kapasiteten og kompetansen innanfor dette viktige fagfeltet. Alle våre nabokommunar har for lengst oppretta stillingsressurs dedikert innkjøp.

I samband med oppfølging av forvaltningsrevisjon om innkjøp vil rådmannen leggja fram forslag til handlingsplan for innkjøp. Rådmannen legg ikkje skjul på at stilling som innkjøpskoordinator/-leiar vil stå høgt på denne planen.

På IT bruker vi i noko grad innleid kompetanse og arbeidskraft til oppgraderingar og anna support. Ut over dette må vi sørgje for å vera sjølvhjulpne innanfor 3 ½ stilling + IT-leiar. Innfasing av ny versjon på økonomi-/personal-/lønssystemet (Visma Unique), vil vera eit løft i 2011 - også økonomisk. Dette gir og tilgang på nye moduler med stort potensiale for effektivisering. Ramma avgjer om vi får råd til å kjøpe og drive desse. Andre tiltak som vil krevje kostnader og innsats vil m.a. vera fiberframføring, Mobil Profil, ny telefonløyning og oppdatering av lisensar. Rådmannen ber om årleg auke i driftsramma på 0,4 - 0,7 mill., og investeringsramma på 0,5 mill. (frå 2,5 til 3 mill.)

Nytt finansreglement for Klepp kommune blei vedtatt i juni 2010. Ved plassering av langsiktige midlar er det gitt opning for å bruke profesjonelle rådgjevarar. Før ein ev. kan hauste vinst av finansarbeidet (vinsten føres på fellesinntekter), påløper det godtgjering/honorar til desse.

Administrasjonen sitt forslag i 2009 om felles skattekontor for Klepp, Time og Hå blei ikkje vedtatt. Den forventa vinsten ved samlokalisering utgår, og med sine 2,6 stillingsheimlar er skatteavdelinga hardt pressa og sårbar ved fråver. Mannskapsmangelen går i første rekkje ut over den tunge innkrevjinga med panting og tvangsinnfordring. Ei ny stilling her er sterkt ønskeleg, og vil kunne tene seg inn på sikt.

Økonomiavdelinga har ført rekneskap/løn for kyrkja/fellesrådet og sokneråda i meir enn 10 år. Auka aktivitet, samt nytt sokneråd har ført til vesentleg auke i dette arbeidet - noko som i liten grad reflektert i vår godtgjersle. I snitt vert minst ½ stillingsressurs nytta til kyrkje-rekneskapa(e), mens vår årlege godtgjersle pr. 2010 er kr 100.000. Rådmannen meiner det er rimeleg å krevje kyrkja om ei gradvis opptrapping av godtgjersla - til kr 220 000 i løpet av HP-perioden. Rådmannen antar at dette vil utløyse behov for tilsvarande rammeauke til kyrkja.

Rådmannen viser forøvrig til målkartet under Økonomi.

Oppsummering tiltak utanfor ramma:

Mill.kr	2011	2012	2013	2014
Kontroll og tilsyn	0,25	0,25	0,25	0,25
IT-drift	0,40	0,60	0,70	0,70
OU-kontingent	0,10	0,10	0,10	0,10
Honorarer	0,10	0,10	0,10	0,10
Stilling innkjøp	0,40	0,60	0,60	0,60
SUM	1,25	1,65	1,75	1,75

Investeringar

Behovet for investeringar på IT-området er i 2011 knytt til ny versjon av økonomi-/personal-/lønssystem, nye system og moduler frå Wisma Unique, løysing for bruk av omsorgssystemet ute hjå heimetenesten sine brukarar (Mobil Profil), nyanskaffelse og utviding av talet på lisensar, samt utskifting og utviding av serverparken.

Det er sterkt behov for fornying av servarutstyr på sikker sone, med tilhøyrande oppgradering av programvare. Utstyr og programvare har vore nytta uendra i mange år no, og dette merkast både ved lite kapasitet og enkelte feilsituasjonar som tyde på utstyr og programvare er utdatert.

Nye versjonar kjem fortløpande, og i dei fleste tilfeller vert dei gamle utfasa fort. Utskifting av servarutstyr er også eit spørsmål om sikkerhet. Å ha økonomisk og teknisk beredskap på IT-sida gir større trygghet for at det administrative apparat fungerer som det skal.

Rådmannen foreslår 3 mill. årleg til IT-investeringar.

Klepp kommune, 01.10.2010

Svein Tore Åtland
rådmann

Viggo Johansen
økonomisjef

Etat for skule og barnehage

HANDLINGSPLAN 2011 - 2014

Om handlingsplanprosessen

HP-prosessen blei evaluert hausten 2008/våren 2009. Evalueringa blei sluttbehandla i formannskapet 8. juni 2009. I den reviderte prosessen blei det lagt vekt på at dei folkevalde skal vera meir med i arbeidet med målformulering, og hovudutvala skal involverast sterkare. Dette blei følgt opp med sak frå kommunalsjefane til hovudutvala i august 2009 kor ein gjennomgikk økonomisk status i dei tre etatane og drøfta målformuleringane. Konklusjonane og vedtaka frå desse møta blei så tatt med og bakt inn i etatane sine bidrag til handlingsplan 2010-2013. Det sentrale handlingsplanarbeidet hausten 2009 starta opp med intern-seminar 1. oktober. Deretter følgde den vanlege prosessen i økonomiutvalet, høyringar i hovudutvala, formannskapet og til slutt kommunestyret.

Prosessen er blitt oppfatta som vellukka, og rådmannen legg opp til om lag tilsvarende prosedyre for HP 2011-2014.

- Leiargruppa har i løpet av våren 2010 gjennomgått målformuleringane på ny, og har kome fram til eit innstramma og nedkorta målkart. Dette er i tråd med signal som er kome frå politisk hald under saker kor mål og målvurderingar har vore tema (m.a. HP/ budsjett 2010-2013 og Årsrapport 2009). Dette er også i tråd med Askim kommune sitt målkart som har vore nytta som ein slags leist i vår målstyringsutvikling dei siste åra.
- Leiargruppa sitt utkast blei presentert i formannskapet 7. juni 2010. HP-prosessen 2011-2014 og det reviderte målkartet blei drøfta.
- Dei tre etatane (administrasjonen) og hovudutvala skal i løpet av juli/august 2010 drøfta og behandla leiargruppa sitt forslag til reviderte mål og målkart, samt økonomisk status – som innspel til sjølve HP-prosessen seinare på hausten.
- Rådmannen sende 30. juni 2010 ut rundskriv for HP 2011-2014/budsjett 2011 til etatane. Rundskrivet inneheld m.a. prognosar for korleis etatane skal budsjettere løn og andre utgifter. Rundskrivet inneheld også driftsrammer for 2011 (-2014) – sjå nedafor.
- Frist for etatane sine forslag er sett til 24. september. Før handsaminga tar til i økonomiutvalet 18.oktober vert det halde budsjettseminar for kommunestyret/ hovudutvalsleiarar m.fl. 1.oktober.

Om økonomisk status/rammer

Status 2010 – Revidert statsbudsjett og 1.tertial-10

- Det reviderte statsbudsjettet for 2010 ga ikkje grunnlag for vesentlege endringar i Klepp kommune sitt budsjett. Det blei heller ikkje gitt nokre rammetillegg i samband med tertialrapport 1-2010.

Skatteinngang/fellesinntekter/-utgifter pr. august 2010

- Skatteinngangen var relativt god gjennom 1.tertial 2010. I løpet av våren og sommaren snur dette, og pr. 31.juli er auken i høve til same tid i fjor berre 4,2 %. Noko av dette skuldast redusert innbetaling av tilleggsforskott og korrigering av FLT 2009. Budsjettvedtaket 2010 for Klepp er på + 7,2 %, men reknar vi ut frå faktisk inngått skatt 2009, dvs. rekneskap 2009, er auken + 8,8 %.
- Skattesvikten merkes også på landsbasis. Auken pr. 1.halvår 2010 er nede i 3,6 %, mot budsjettet i statsbudsjettet 6,4 %.
- Det er all grunn til å følge skatteinngangen i 2010 med argusauge. Meir sikre indikasjonar vil ikkje føreliggje før etter september-inngangen – dvs. medio oktober. Slik det ser ut no må ein pårekne svikt på årsbasis.
- Gitt at skatteinngangen tar seg litt opp ut over hausten, og endar på + 5 % for Klepp og landsbasis + 4,5 %: Dette gir i så fall ein netto inntektssvikt på 9 mill. som fordeler seg med redusert skatt 14 mill og redusert inntektstjening (reduert trekk) med 5 mill.
- Tar ein omsyn til endringar i andre fellesinntekter og -utgifter (renter, avdrag m.v.) og avsettingar, sit me att med ein minus/netto inntektssvikt på om lag 7 mill.

Forbruk/inntekter etatane 2010

- Pr. 1.tertial blei driftssituasjonen vurdert som ustabil i etatane. Prognosane peika i retning av overforbruk i 2010 både i etatane og i sentraladministrasjonen. Situasjonen blei vurdert som vanskeligast i etat for helse, sosial og omsorg.
- Pr. medio august vert situasjonen vurdert som uendra, og til dels forverra. Alle etatane frykter at det går mot underskot; i større og mindre grad. Etat for skule og barnehage anslår ein manko i 2010 på minimum 2 mill. Dei øvrige etatane forventar minus, utan nærare tallfesting.
- Oppsummering økonomisk status 2010:
- Basert på den økonomiske situasjonen vi ser i dag ligg det an til eit samla overforbruk/underskot på drifta i 2010 på rundt 10 mill.

Kommuneøkonomiproposisjonen 2011

- Regjeringa varslar vekst i dei frie inntektene i 2011 på mellom 2 ½ og 3 mrd. kroner, eller 1,3 %. Innanfor dette skal 0,4 mrd. fordelast til dei kommunane som taper på omlegginga av inntektssystemet.
- Regjeringa varslar omlegging av inntektssystemet (utgiftsutjamninga) frå 2011. Gjeldande kostnadsnøkkel bygger på tal frå 1990-talet. Den nye er tilpassa dagens levekår, busettingsmønster og demografi. I det nye systemet vert det lagt større vekt på ulemper som små kommunar har, kostnader knytt til spreidd busetting og sosiale forhold enn tidlegare. Likevel er det framleis alderssamansettinga i den einsskilde kommune, som forklarar nærare 7 av 10 kroner når utgiftsbehovet vert fastsett.
- Barnehagetilskotet skal innlemmast i inntektssystemet frå 2011.
- Skatten sin del av samla inntekter vert redusert frå 45 til 40 %. Dette inneber reduksjon i den kommunale skattøyren.
- Endringar i dei politiske elementa av rammetilskotet: Redusert sats småkommunetilskotet, reduserte Nord-Noreg tilskot og endringar i storbytilskotet.
- Alle desse endringane inneber relativt store omfordelingar mellom kommunane. Departementet har freista rekna ut konsekvensane for den einsskilde kommune.
- Prognosen som føreligg for Klepp kommune for 2011 er i grove trekk slik:

	Verknad i kr. pr. innbygg.	Verknad i 1000 kr – Basert på innbyggjarar pr. 31.12.2008: 16.350
Inntektssystemet: Verknad ny kostnadsnøkkel EKSKL.barnehagar	660	10 790
Innlemming barnehagetilskotet	-158	- 2 580
Øvrige omfordelingar/endingar: Småkomm., Nord-Norge, skatteendr., finansiering av inntektsgaranti (INGAR)	- 3	- 50
SUM systemverknader	499	8160
Stipulert andel realvekst 2011 (1,3 %)	438	7 160
Samla 1.års verknad	937	15 320

Tabellen viser at systemomlegginga vil gje Klepp kommune vinst. I forhold til prognosen vil våre frie inntekter auke netto med over 8 mill. I tillegg kjem verknad av realveksten i 2011 med vel 7 mill.

- Rådmannen er førebels varsam med å leggje desse tala til grunn for våre eigne prognosar. Verknadene av omlegginga av barnehagetilskotet er usikre. Korleis vil auken i skjønsmidlane til barnehagedrift dei siste åra slå ut i 2011 for Klepp ? I 2010 har vi budsjettert med ca. 109 mill. i statstilskot til kommunale barnehagar (herav 25 mill. i skjønntilskot), og 30 mill. til private barnehagar. Vil dette nivået bli vidareført i rammetilskotet ?

Vedtatt budsjett 2010/HP 2010-2013 – med rammer for 2010 og retningsgjevande rammer for 2011-2013 (k.sak 76/09)

- Rammene 2011-2013 er pris- og lønsjustert til faste 2011-priser. Det er lagt til grunn ein deflator som inneheld årslønsvekst på 3,5 % og 1,5 % prisauke i 2011, som gir eit vektta snitt på 3,17 %. Dette gir etatane ein samla løns- og prisvekstkompensasjon på rundt 17 mill. Desse deflaterte rammene utgjer basis for etatane sine forslag til budsjett 2011/HP 2011-2014.
- Totalt er driftsrammene som etatane skal basere sin budsjettforslag for 2011 på, berekna til 544,2 mill.

Prognose fellesinntekter/-utgifter og investeringar 2011-2014

- Rådmannen har ikkje utarbeidd felles driftsprognose og/eller utkast til investeringsbudsjett. Systemomlegginga og dei frie inntektene er som nemnt uvisse. Dette gjer at grunnlaget for å leggja ein nokolunde påliteleg basis for desse prognosane manglar. Her må ein i stor grad avvente statsbudsjettet 2011.
- Utan at regjeringa gjer grep må ein rekne med at skattesvikten i 2010, som er omtalt framføre, vil forplante seg i komande HP-periode 2011-2014.
- I gjeldande HP 2010-2013 er investeringsnivået i 2010 heile 192 mill. I 2011 er nivået sett til 125 mill., kor av 94 mill. til Kleppetunet II. Samla budsjettert låneopptak i 2010 og 2011 er 225 mill. Dette er svært ”tunge” årslønsnivå for Klepp kommune, som etter rådmannen sitt syn ikkje kan halda fram. Ein må leggja vinn på å dempa investeringsnivået dei komande åra. Ikkje berre som følgje av låneauken - med auka avdrags- og renteutgifter. I enno større grad pga. driftskonsekvensar (bemanning m.v.) og deretter auka vedlikehaldsbehov.

Den desidert største økonomiske utfordringa dei næraste åra vil vera drift av Kleppetunet II. Å leggja eit forsvarleg driftsnivå framover, med riktig progresjon og god balanse mellom behov og økonomi vil bli krevjande. Rådmannen arbeider vidare med desse problemstillingane fram mot HP-prosessen.

Status i etaten

Den økonomiske situasjonen for kommunen gir så langt lite rom for tillegg. Det vil innebera at etaten eventuelt må finna dekning for meirutgifter som etaten ikkje kan unngå. Det vil gå ut

over eksisterande tenestetilbod. Nedanfor følgjar ein oversikt over slike kostnader for 2010 som blir vidareført dei komande åra.

Tiltak som ikkje ligg i ramma (må-tiltak):

Kva	2011	2012	2013	2014
2 stillingar med spes ped til born med behov for medisinsk hjelp og helsetilsyn	900 000	900 000	900 000	900 000
Norskopplæring for minoritetspråklege - kapasitetsutviding	400 000	400 000	400 000	400 000
SFO for elevar på Orstad skule ATO	600 000	600 000	600 000	600 000
Sum	1900000	1900000	1900000	1900000

Talet på born med spesielle behov i barnehagen har ikkje auka frå i fjor, men graden av vanskar og behov borna har, er betydeleg større og meir samansette. Nærare 4 heile stillingar vil for komande barnehageår gå med til reine medisinske oppgåver, blant anna sondemating, lungedrenasje og liknande. Det er og varsla at eit nytt barn som vil ha rett til prioritert plass etter Lov om barnehagar § 13 vil søka plass i næraste framtid. Legen melder at dette barnet vil ha behov for ”betydelige ekstraressursar”.

Kleppe skule har hatt problem med å ha ressursar til å gje tilbod til elevar som har behov for opplæring på språkstasjonen. Samstundes har elevane særleg frå 5. årssteg ikkje fått den opplæringa dei bør ha for å kunna nyttiggjera seg den ordinære opplæringa. Det har derfor vore sett inn tiltak for kr 400 000 på årsbasis for å imøtekoma dette behovet på språkstasjonen. Det har ikkje vore mulig å ta inn desse midlane frå norskopplæringa for minoritetsspråklege på skulane. Tvert imot burde desse også vore tilført meir midlar. Når elevane kjem tilbake til skulen, får dei ikkje den norskopplæringa vidare som dei bør ha. Ein viktig årsak til dette er at staten bare la inn halvparten av kostnadene då dette tiltaket blei lagt inn i rammetilskotet til kommunane.

På ATO avdelinga på Orstad skule har det til nå ikkje vore sett fram ønske om å ha SFO i full tid slik som ved SFO på skulane elles. For elevane ved ATO vil det ikkje vera mulig å innlemma elevane i den vanlege SFO utan å ha med ein vaksen for kvar av desse elevane. Det syner seg nå at det er fleire som ønskjer morgon- og ettermiddagstilbod. Om alle ønskjer det, kan kostnaden koma opp i kr 1,3 mill årleg. Klepp kommune må gje eit likeverdig tilbod til elevane ved ATO som ved dei andre skulane.

Tidlegare har det blitt laga 2 oppsett i forhold til nye tiltak i handlingsplanen: Eit for må-tiltak utanfor ramma og eit for framlegg til nye tiltak utanfor ramma. Nå skal det lagast eitt oppsett for tiltak som ikkje er med i ramma.

Framlegg til tiltak ut over ramma oppsummert i kostnader:

Kva	2010	2011	2012	2013
A 2 stillingar med spes ped til born med behov for medisinsk hjelp og helsetilsyn	900 000	900 000	900 000	900 000
B Barn med spes behov i SFO og SFO for elevar på Orstad skule ATO	800 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
C Norskopplæring for minoritetsspråklege - kapasitetsutviding	400 000	800 000	800 000	800 000
D Spesialundervisning	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
E Rettleiing nyutdanna pedagogar	300 000	400 000	500 000	500 000
F Auka res til sekretær og leiing i bhg og sk (jfr vedteken plan)	400 000	1 000 000	1 300 000	1 500 000
G Kompetanseheving – sjå plan	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
H Bibliotektenesta på skulane (plan)	200 000	500 000	800 000	800 000
I Kulturskulen – auka kapasitet	200 000	300 000	300 000	300 000
J Betra førskulekapasitet på etatskont	200 000	300 000	300 000	300 000
K Inventar skulane	500 000	500 000	500 000	500 000
L Rekrutteringstiltak førskulelærarar	300 000	300 000		
M Straum – auka kostnader	700 000	700 000	700 000	700 000
N Skyss – auka kostnader	300 000	300 000	300 000	300 000
O Fosterheimsborn	600 000	600 000	600 000	600 000

A, B og C er omtala over. For born med spes behov i SFO er behovet ca 1,5 mil, medan budsjettet er på 250 000. Dermed er dei andre foreldra med på å finansiera denne ekstrahjelpa.

D Spesialundervisning

I saka om konsekvensar av handlingsplanen for 2010 – 2013 følgde ikkje hovudutvalet kommunalsjefen sitt framlegg til innsparingstiltak for å frigjera kr 3 mill til det store behovet for spesialundervisning. Det blei ei innsparing på kr 1 mill. I skulane sine årsrapportar er skulane veldig klare på at det er svært vanskeleg å få gitt noko særleg støtteundervisning med nåverande rammer.

Elles fortel ei lærardekning på 12,9 i sist skuleår noko om at rektorane har vanskar med å få rammene til å gå i hop. Målsettinga er på 12,3 med utgangspunkt i gjennomsnittet for dei store kommunane i Rogaland. For alle kommunane i Rogaland er snittet på 11,8.

E Rettleiing nyutdanna pedagogar

Kommunane har fått pålegg om å gje rettleiing til nyutdanna lærarar frå 1.8.2010 og for førskulelærarar frå 1.8.2011. Rettleiinga skal skje i nært samarbeid med UiS. Rettleiarar/mentorar skal gjennomføra naudsynt opplæring. Tida til rettleiing må betalast.

F Auka ressursar til sekretærar og leiing i barnehage og skule

Eigen plan er vedtatt for dette. Mangel på administrasjonsressurs er tydeleg ein viktig grunn for at det er få søkarar til desse stillingane.

G Kompetanseheving

Det statlege tilskotet til kompetansetiltak for lærarar er redusert frå kr. 800.000,- til kr. 185.000,- i 2010. Om tilsette framleis skal få eit forsvarleg tilbod om etter- og vidareutdanning, må denne reduksjonen kompenseraast.

I 2009 blei det innført ei nyordning for vidareutdanning av lærarar, "Kompetanse for kvalitet". Studieplassane er gratis. Ordninga inneber at staten dekkjer 40 % av lønnsutgiftene ved studiepermisjonen, kommunane 40 % og lærarane sjølve 20 %. Klepp kommune har ikkje midlar til at eigne lærarar kan delta. Det blir behov for å tilby slik ordning for 4 lærarar, som dermed frå støtte på kr. 250.000,- kvar. Kommunen har stort behov for pedagogar som tek vidareutdanning i matematikk, naturfag, spesialundervisning, rådgjeving og leing.

Etaten har og behov for midlar til å vidareføra lese-satsinga i samarbeid med Lesesenteret/UiS.

H Bibliotektenesta på skulane

Det er laga eigen plan for korleis denne tenesta skal koma på eit minimumsnivå. Både satsinga på lesing og utdanningsnivået i Klepp tilseier at kommunen må satsa betre på skulebiblioteka.

I Auka tilbodet i kulturskulen

Det er ca 100 elevar på venteliste også i år. Med kr 300 000 på årsbasis vil denne ventelista bli monaleg redusert. Auka ramme gir også auka foreldrebetalingssinntekter.

J Betre førskulekapasitet på etatskontoret

Det blir gjort framlegg om ei halv stilling til å betra førskulekapasiteten på etatskontoret etter at talet på barnehagar både har og vil auka. Tilsyn, drift, rettleiing, kompetansetiltak, personalsaker, oppfølging av tilaka for einskildbarn og familiar og utvida tverrfagleg samarbeid er døme på tiltak som gjer det vanskeleg å kompensera barnetalsauken med effektivitetstiltak.

K Inventar skulane

Denne posten stod tidlegare på investeringsmidlar. Då denne av tekniske grunnar måtte først på driftsbudsjettet, har etaten hatt slik press på tiltak for elevar med spesielle behov, at desse midlane er nytta der. Det blir derfor ikkje lenger sett av eigne midlar til inventar.

L Rekruttering førskulelærarar

Inneverande barnehageår manglar etaten 14 pedagogiske leiarar. Det tiltaket som ser ut for å verka best i forhold til rekruttering, er å utdanna fagarbeidarar til førskulelærarar. I første omgang blir det lagt inn kostnadsdekning for dei to komande åra.

M Straum

Både statlege avgifter og straumkostnader har auka. Summen er noko uviss. Det er her teke utgangspunkt i 20 % auke. Inneverande år må avdelingane halda att på drifta for å dekkja inn straumkostnadene.

N Skyss

Kostnadene ved skyss har auka som ein følge av samling av norskopplæring for minoritetsspråklege på Kleppe skule og tiltaka for elevar med spesielle behov på Sele og Hauge.

O Fosterheimsborn

Også dette skuleåret auka talet på fosterheimsborn. Dei aktuelle har også større hjelpebehov.

Oppsummert driftsauke

Tiltaka A, B, C, E, M, N og O vil vera kostnader etaten må ut med i 2011 og som det ikkje er rammedekning for. Desse utgjer **ca 4 mill**. I den grad etaten ikkje får rammedekning, ser kommunalsjefen ingen andre tiltak enn å redusera på tilsette i skulane og barnehagane i staden for at her burde vore ein auke. Det er då snakk om ca 8 stillingar. Strukturelle endringar har tidlegare vorte nedstemt.

Avgiftsauke

Rådmann har sett grensa for avgiftsauke utan særskilt vedtak til 4 %. Kommunalsjefen vil tilrå at satsane for kulturskulen og SFO aukar med 4 %. Klepp kommune må forholde seg til den til ei kvar tid lovfesta maksimalpris for ein barnehageplass. Maksimalprisen for ein heildagsplass er pr. i dag kr. 2 330 pr. månad.

Investeringar

Følgjande investeringar er aktuelle for perioden:

- Ny barnehage i 2012.
- Vurdera opprusting av gamle Borsheim barnehage til 1 ny avd.
- Ferdiggjering Bore ungdomsskule.
- Ny Tu skule.
- Ombygging Orstad grendahus.
- Arbeidsplassar til tilsette Kleppe skule.
- Overbygg atriet ved Engelsvoll skule.

Elles vil arbeidet med barnehagebruksplan og skulebruksplan starta i haust.

Barnehagesituasjonen framover

Det blei i Handlingsplanen i fjor lagt framlegg om ei ny barnehage i 2011 og ein i 2012. Bakgrunnen for dette er lovvedtaket om at alle born som er fødte innan 1.9. året før, har rett til barnehageplass. Skal Klepp kommune oppfylle dette vedtaket, må desse to barnehagane vera på plass slik det er gjort framlegg om. Bakgrunnen for behovet er også vist.

Nå ser det ut for at *Trygge barnehager* kjem til å bygga ein 8 avd. barnehage på Tjøtta som kan stå klar hausten 2011. Det kan vera aktuelt å opna 5 av avd. neste år. Klepp kommune vil få same utgiftene anten barnehagen er kommunal eller privat. Ved private barnehagar blir både investeringskostnader og driftskostnader førde på budsjettet for skule og barnehage. Det blir også gjort framlegg om ein 8 avd. barnehage på Engelsvoll i 2012. Om denne blir kommunal, må driftskostnadene førast på barnehagebudsjettet, medan renter og avdrag vert førde som ved alle andre investeringsprosjekt i kommunen. Når barnehagen på Engelsvoll står ferdig, vil ein kunna overføre Øksnevad barnehage dit og med det oppfylle vedtaket om at Øksnevad barnehage er mellombels.

Klepp kommune får i øymerka tilskot kr 109,4 mill til den kommunale og private barnehagedrifta for 2010. Frå og med 2011 vil tilskotet gå inn i rammetilskotet. Det vil vera uvisst kva midlar kommunen kan venta seg framover i forhold til auke av barnehageplassar. Oppsettet nedanfor syner slikt behov for tilførde midlar for å oppfylle lovkravet:

				Samla sum pr. år
2011	Ny privat barnehage på Tu.	5 avdelingar	Samla kom. tilskot hausthalvåret, 5/12: 4 100 000	4 100 000
2012	Priv bhg Tu	5 avdelingar	Heilårsdr 10 000 000	13 700 000
	Ny kom. bhg. Engelsvoll	8 avdelingar - drift og leigeutgifter til Øksnevad bhg.	Drift: 5/12 3 700 000	
2013	Priv bhg Tu	8 avdelingar	Samla kom. tilskot: 10 000 000 + 5/12 av 3 siste avd. = 2 400 000	21 300 000
	Ny bhg. Engelsvoll	8 avd. - drift/ leige Øksnevad bhg.	Drift: 8 900 000	
2014	Priv bhg Tu	8 avd.	Samla kom. Tilskot: 16 000 000	24 900 000
	Engelsvoll bhg	8 avd. – drift/ leige Øksnevad	Drift: 8 900 000	

Oversikten syner eit behov på kr 25 mill til årleg drift ved igangsetjing av dei to barnehagane.

Forslag til vedtak

Kommunestyret har vedteke at hovudutvala skal bli invitert til å delta tidleg i budsjettprosessen. Kommunalsjefen har gjennomgått dei viktigaste må-tiltaka og behova i perioden. Det er hovudutvalet som skal gjera prioriteringane.

Vedlegg:

- Rundskriv budsjett 2011/HP 2011 – 2014
- Framlegg til målkart

Innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Hovudutval for skule og barnehage den 02.09.2010 sak 33/10

Behandling:

Dokument utdelt i møtet:

- Møtereferat – Møte hovudstillitsvalde – kommunalsjef skule og barnehage 25.08.2010

Forslag frå Solfrid Guddal Søyland -h

1. Hovudutvalet ser alvorleg på den økonomiske situasjonen for etaten. Hovudutvalet ser at det er vanskeleg å oppfylle lovpålagde oppgåver på ein forsvarleg måte utan at etaten vert tilført auka ressursar.
2. Auka kostnader til MÅ-tiltak etaten må ut med i 2011 på ca. 4 mill. kr må ikkje føra til nedgang i tilsette i skulane og barnehagane.

Votering:

Forslaget frå Solfrid Guddal Søyland fekk 8 stemmer.

Einstemmig VEDTAK:

1. Hovudutvalet ser alvorleg på den økonomiske situasjonen for etaten. Hovudutvalet ser at det er vanskeleg å oppfylle lovpålagde oppgåver på ein forsvarleg måte utan at etaten vert tilført auka ressursar.
2. Auka kostnader til MÅ-tiltak etaten må ut med i 2011 på ca. 4 mill. kr må ikkje føra til nedgang i tilsette i skulane og barnehagane.

Rett utskrift, 06.09.2010

Karin Sandve Vereide
sekr.

Etat for helse, sosial og omsorg

HANDLINGSPLAN 2011 - 2014

Føresetnader for budsjett og handlingsplan

I retningsgjevande rammer i HP 2010-2103 fikk etat for helse, sosial og omsorg eit tillegg på 7 mill. kroner i 2011. Inklusiv tillegget utgjorde 2011-ramma 213,4 mill. Ramma er deretter løns- og prisjustert med 3,2 %, som utgjer vel 7 mill. Total nettoramme for 2011 (i 2011-prisar) er på 220,7 mill. Dette utgjer grunnlaget for etaten sitt budsjettframlegg og ramme-saldering.

Rammetilpasninga er i utkastet løyst ved ei omfordeling av midler på reserveløn,aukte inntekter og fleire reduksjonar i avdelingane sine budsjett:

- Helseavdelinga må planleggje å halde stillingar vakante for ca. 250 000
- Kontaktsenteret skal kutte ½ årsverk(kr. 300 000,iverksatt hausten 2010)
- Variabel løn i omsorgstenesta er redusert med 1,6 millionar kroner.
- 1 administrativt årsverk er inndrege i institusjonstenesta kr. 600 000

I nokre av tenestekområda vert etaten påført vesentleg kostnadsauke. Det har bare i begrensa utstrekning vore mogeleg å dekkje disse kostnadsaukene innan eigen ramme:

- Kostnadsauke legetenesta/fastlegeordninga.Her betaler kommunen eit beløp pr. innbyggjar til fastlegane i høve til leganes pasientliste.Folketalsauken og oppjustert takst påfører etaten ein utgiftsvekst på ca. kr. 950 000 i høve til budsjett for 2010.
- Auke i legane sin praksiskompensasjon når dei utførar kommunale oppgåver.Dette kjem i tillegg til ei kostnadsauke etaten får i 2011 på turnuslegar. Totalt ca kr 400 000.
- Økonomisk sosialhjelp/Nav forvaltning). Utgift ligg 3,5 millionar høgare enn budsjett. Her vert det forutsett at Nav kontoret sjølv reduserar utgiftane med 2,2 millionar kroner i samband med opptrappinga av kvalifiseringsordninga. Etaten sjølv har tilført dette området kr. 500 000.

Under disse føresetnadane manglar etaten ca. kr. 800 000.

Tiltak som er foreslått finansiert innan etaten si ramme:

- ½ årsverk legevakta kr. 300 000
- Prisauke til kjøp av plass for multifunksjonshemma person i Sandnes Kommune kr. 600 000.

Det har ikkje vore rom i budsjettet å auke driftsbudsjette i høve til slik økonomisjefen har anbefalt i budsjetttrundskrivet.

Etat for helse, sosial og omsorg si ramme er fordelt på følgjande vis (i heile 1000):

Helse, sosial og omsorgsramma:	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
Adm.avd.(inkl. reservelønn)	8016	8016	8016	8016
Helseavdelinga	34464	34464	34464	34464
Heimetenesta	93097	93097	93097	93097
Institusjonstenesta	46263	46263	46263	46263
Sosialavdelinga	38889	38889	38889	38889
Etaten totalt	220729	220729	220729	220729

Helseavdelinga

Rammeauken til helseavdelinga går fullt ut med til å dekke auka lønskostnader.

Vi har ikkje klart å leggje inn auken i tilskudd til legar, som og heng saman med auke i innbyggjartalet, kr 950 000, og ber om å få lagt dette inn utanfor ramma.

Det er heller ikkje rom for forventa auke i praksiskompensasjon til legar og utgifter til turnuslegar. Her manglar etaten ca. kr.400 000.

Det er tatt vekk ei halv stilling på kontaktsenteret, vedtatt i handlingsplan 2010, og det satses på å spare inn kr 250 000 på vakanser.

Avdelinga har i budsjettet for 2011 prioritert midlar til ei ny stilling til legevakta. Dette er finansiert innafor ramma. Tilsvarande dekking er forventa frå Time kommune.

Pleie og omsorg

Budsjetttramma har ikkje gitt rom for nokon form for auke i tenestetilbodet frå heimetenesta si side. Tvert imot så har det vore nødvendig å foreta vesentlige utgiftsreduksjonar for å bringe budsjettet for heimetenesta og Kleppheimen i balanse.

Følgjande rammetilpassing er gjort i budsjettet for pleie og omsorg:

- Reduksjon variabel løn i heimetenesta og institusjon **1,6 mill**

Dette er ein alvorleg reduksjon med tanke på at pleietynga og presset frå sjukehus er aukande. Denne reduksjonen vil kunne medføra dårlegare tilbod til innbyggjarane som har behov for pleie og omsorgstenester i Klepp.

- Inndragning av 1/1 årsverk administrasjon Kleppheimen **0,6 mill**

Dette er gjort for å kunna halda seg innafor tildelt budsjetttramme, ikkje utfra faglege hensyn.

- Kostnadsauke: kjøp av 1 plass **0,6 mill**

Heimetenesta kjøper plass for ein brukar i Sandnes kommune. For dette tiltaket er det varsla ein auke på 0,6 mill. Dette er lagt inn i budsjettet for 2011.

Driftsbudsjettet er ikkje auka i tråd med anbefalingar frå økonomisjef. Det er lagt inn utfrå stipulert bruk i 2010, og kjente utgiftspostar som vil verta nye i 2011.

Sosialavdelinga

Sosialtenesta:

I sosialtenesta er bemanninga for låg. Det fører til eit høgt arbeidspress for dei tilsette. Eit slikt arbeidspress over tid kan føre til langtidssjukemeldingar og ein ytterlegere belastning på dei tilsette. Det kan og føre til at ein ikkje kan yte den tenesta innbyggjarane har krav på.

Det er fleire forpliktande tiltak det ikkje er tilstrekkeleg budsjetterte midlar til. Av desse er støttekontaktar og avlastning dei viktigaste. Det manglar ca. 1 million kroner for at tenesteområdet skal kunne dekkje behovet for slike tenester.

Kommunalsjefen ber om midlar til 1/1 årsverk(**0,6 mill**) til styrking av sosialtenesta.

NAV:

Mankoen i budsjettet for økonomisk sosialhjelp vert berekna til ca. 3,5 millionar kroner.

Kommunalsjefen ser for seg at dette vert dekkja inn på følgjande måte:

- Innsparing i utgifter p.g.a kvalifiseringsordninga **2,2 mill**
- Eigenfinansiert innafor etaten si ramme **0,5 mill**
- Rammeauke/tiltak utafør rammen **0,8 mill**

Den største bidragsytaren i dette er det lokale Nav kontoret. Kontoret gjer uttrykk for at denne innsparinga er realistisk i 2011.

Barneverntenesta :

Barneverntenesta har dei siste åra opplevd ei stor auke i talet på bekymringsmeldingar.

Frå 2008 2010 har auken vore på 100 %.

Dette har vore medverkande til at seksjonen har strevd med å vera ajour med alle oppgåvene.

Barnevernet tek del i den tverrfaglige satsinga i høve til barn og unge i lag med dei andre kommunale instansane.

Som ein del av dette tek ein av dei tilsette i barneverntenesta del i eit omfattande utdanningsprogram i foreldrerettleiing.

Dette legg beslag på heile 40% av ei stilling.

Dette vil i lag med ei framtidig offensiv satsing på foreldrerettleiing leggje beslag på såvidt mykje personalressursar at det er naturleg å søke om ei styrking av ressurasane i barneverntenesta.

Bemanninga i barnevernstenesta ligg lågt samanligna med andre kommunar. Time har t.d eit årsverk meir enn Klepp.

Den sterke auken i oppgåvene tilseier styrka bemanning. Tilsynsmyndigheitene følger nøye med om kommunane har kapasitet til å ivareta oppgåvene innen dette feltet.

Regjeringa har signalisert at det må satsast på ei styrking av barnevernet. I statsbudsjettet for 2010 la regjeringa inn 300 nye stillingar til barnevernet. Midla var ikkje øyremarka. Det gjorde at kun eit begrensa antal stillingar blei oppretta på landsbasis. I Klepp blei dette heller ikkje prioritert i 2010. Nå er det signalisert at det og i statsbudsjett for 2011 vil koma midlar til dette,denne gongen med ein form for øyremerking.

Kommunalsjefen ber om at det blir oppretta 1/1 årsverk innan dette feltet i 2011.

Interkommunalt samarbeid:

Det har vore arbeid med dette ei tid. Det er no nedsatt ei arbeidsgruppe med representantar for alle jærkommunane for å utgreie dette spørsmålet. Gruppa skal levere eit forslag innan 01.03.2011.

Det ser forøvrig ut til at tiltaksbudsjettet i tenesta er tilfredsstillande

Kleppetunet II

Samhandlingsreformen

Det er venta at regjeringa iverkset samhandlingsreformen frå 2012. Nybygget legg eit godt grunnlag med lokale som egner seg for dei oppgåvene som kommunene skal vidareutvikla innen omsorg og helse/rehabilitering.

Det er lagt opp til at kommunane vil få ein opptrappingsplan for økonomiske overføringer til dette med 2012 som innleiande år. Det ligg førebels ikkje føre nokre signal om størrelsen på desse tilskota.

I tillegg har regjeringa bebuda sterk auke i overføringane til kommunane til drift av den generelle eldreomsorga i åra som kjem.

Det er i tillit til desse signala at Klepp kommune har satsa på dette prosjektet.

Finansiering

Kleppetunet II er planlagd ferdigstilt innan utgangen av 2011.

Bygget inneheld:

- 48 sjukeheimplassar(inkl. 8 døgnplassar for rehabilitering)
- I tilknytning til dei 8 rehabiliteringsplassane er det fasilitetar for rehabiliteringseining med kontorlokaler og opptreningsrom. I tillegg er det varmtvassbasseng her.
- Det er og aktivitetslokaler for beboarane i huset og for heimebuande frå bygda i 1. etg.

Prosjektet er planlagt for å kunne møte utviklinga i behova for heildøgnspleie og omsorg og rehabilitering til innbyggjarane i Klepp i perioden fram mot 2020.

Etter prognosane vil ikkje Klepp kommune ha behov for alle sjukeheimplassane sjølv før etter 2015. Tankegangen har vore at ein ikkje kan byggje nokre få plassar kvart år. Det må byggjast eit bygg som dekkjer behovet for ein periode framover.

Ei fagleg vurdeing frå omsorgtenesta og kommuneovelegen tilseier at det kan vere behov for å ta i bruk 32 av plassane for Klepp kommune i 2012. I den økonomiske situasjonen kommunen er i akkurat no,er det neir sannsynleg at dette ikkje kan bli høgare enn 16.

Det har vore kontakt med nabokommunene,Sandnes og Time i høve til utleige av plassar for ein periode. Begge kommunane er interesserte i dette. Sandnes kommune har den største mangelen på plassar. Ein forventar ein avklaring om dette i handlingsplanarbeidet hausten 2011.

Dersom det ikkje blir aktuelt med utleige av plassar, kan pasientane i Kleppheimen flytte over i nybygget mens nødvendig restaurering blir gjort i Kleppheimen.

Drift frå 2012:

Rådmannen har ,i lag med kommunalsjefen og økonomisjefen, sett på kva det vil koste å kome i gang med drifta.

Viss ein tek sikte på å starte opp med 16 nye plassar for Klepp kommune i staden for 32, kan reknestykket sjå om lag slik ut:

• Andre driftsutgifter 16 plassar	2 mill.
• Teknisk drift	3,5 mill.
• Grunnbemanning 16 senger	10,2 mill.
• Ekstra rehabiliteringspersonal til 8 senger	3,5 mill.
• Ambulant rehabiliteringsteam(nye stillingar)	1,6 mill.
• Aktivitetstilbod 3 årsverk	1,8 mill.
• Resepsjon	0,5 mill.
SUM	23,4 mill.

Dette er kostnadane med å drive 16 plassar inkl. 8 fullverdige rehabiliteringsplassar. Oversikten viser og kostnadane med full drift av samtlige fasilitetar i 1. etg(Ambulant rehabiliteringsteam og aktivitetssenter).

I ein økonomisk situasjon slik den ser ut no, er det naturleg å sjå på korleis bygget kan setjast i drift utan at heile kapasiteten vert utnytta frå første dag.

16 plassar i drift for Klepp kommune er 1/3 av kapasiteten i bygget. Dersom ein tenkjer seg ein redusert drift av og dei andre tilboda i byggjet i starten,kan det t.d bli som følger:

- Ingen oppstart av aktivitetstilbodet i 1 etg. i 2012
- Kun 4 fullverdige rehabiliteringssenger i 1 etg i 2012
- I staden for full oppbemanning av rehabiliteringsseininga, kan ein f. eks begrense dette til 3 nye årsverk.Ei slik styrking vil vere heilt nødvendig for å utnytte noko av kapasiteten som dei nye lokala gjer,samt å kunna nytta bassenget.Dersom dei statlege overføringane i samband med samhandlingsreformen i 2012 vert tilstrekkelige,bør det vurderast å styrke denne bemanninga ytterlegare.

Grovt sett vil eit driftsbudsjett då kunne sjå slik ut:

• Teknisk drift	3,5 mill.
• Grunnbemanning 16 senger	10,2 mill.
• Rehabiliteringspersonal nye stillingar(3)	1,8 mill
• Andre driftsutgifter 16 plassar	2 mill.
• Resepsjon	0,5 mill
SUM	18 mill

Dette er eit minimumsbudsjett for å kome i gang med drifta i bygget. Det er viktig å vere klar over at ein ved ein slik redusert drift ikkje kan oppnå dei planlagde vinstane med omsyn til rehabilitering og andre spesialiserte tilbod.

Oppbyggjinga av desse tilboda vil då måtte koma i åra etter 2012.

**Eksempel på framskrevet
kostnadsutvikling Kleppetunet II**

2012	2014	2015	2016
18 mill/23 mill	pluss 6 mill	pluss 6 mill	pluss 6 mill

Ein slik redusert modell for oppstart legg såleis opp til ei betydeleg opptrapping av driftskostnadane i åra etter 2012.

Denne modellen legg til rette for utleige av 20-30 plassar til andre kommunar evt. ei overflytting av pasientar frå Kleppheimen.

Talet på eventuelle plassar som kan leigast ut vil då kunne vurderast gradvis frå 2014 og utover.

Førebuing til oppstart

I tillegg til planlegginga av sjølve bygget og innkjøp av inventar som prosjektgruppa tek seg av, vil det i forkant av oppstart av drifta vere behov for planlegging av alle detaljar knytta til dette. Ein ber derfor om ½ årsverk i 2011 for å utføre dette arbeidet. Stillingsressursen vert forutsett å inngå i drifta når den kjem i gang.

Tiltak utanfor ramma

Auke i utgiftar til praksiskompensasjon og turnuslegar. Utgiftane stig utan at etaten kan unngå desse kostnadane.	400 000
Auka kostnadar fastlegeordninga: Auke i tilskot pr. innbyggjar samt ei auke i innbyggjartal gjer at etaten ikkje har midlar til å bevilge realistisk innafor denne ordninga	950000
Aukte midler til sosial stønad: med full utnytting av kvalifiseringsordninga samt ei eigenfinansiering manglar etaten 0,8 mill for å dekkja mankoen på 3,5 mill.	800 000
1/1 årsverk kurator i sosialtenesta. Aukande arbeidspress gjer det nødvendig med fleire tilsette.	600 000
Kleppetunet II: 1/2 årsverk for førebuing av oppstart av drift i 2012	350 000
1/1 årsverk barnevernstenesta: Nødvendig auke i bemanning grunna fleire arbeidsoppgåver.	600 000
SUM Helse, sosial og omsorg	3 700 000

Investeringsbudsjettet 2011-2014

Alle beløp i 1000 kr.	2011	2012	2013	2014	Sum 11-14
Helse					
Alarm PK 5 og 27	400				400
Kleppheimen kjøkken	1 300				1 300
Bil dagsenteret	500				500
Ny sjukeheim, Kleppetunet	90 000	30 000	10000		130 000
Ny sjukeheim, inventar	4 000	4 000	4000		12 000
SUM HELSE	96 200	34 000	14 000	0	144 200

Kommentar til invisteringane:

Kjøkkenet på Kleppheimen må utvidast for å kunne produsere til Kleppetunet II.

Kleppe, 20.09.2010

Kåre Bøen
kommunalsjef

SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Hovudutval for helse og omsorg

Sak nr 31/10

Saksbehandler: Kåre Bøen
Arkivsak: 10/290-3

Arkiv: 145
Møtedato: 01.09.2010

HANDLINGSPLAN 2011 - 2014 - ETAT FOR HELSE, SOSIAL OG OMSORG

Om handlingsplanprosessen

Dei 4 første sidene som omhandlar handlingsplanprosessen er felles for alle hovudutvala og er derfor bare tatt med i saka frå hovudutval for skule og barnehage.

Situasjonen for etat for helse, sosial og omsorg

I det følgjande vil kommunalsjefen presentera dei mest presserande behova for auke i etaten si ramme. Etaten har lagt vinn på å berre ta med heilt nødvendige utgifter i denne oversikta.

Først kjem ei førebels orientering/vurdering om arbeidet med førebuing av oppstart av drift av Kleppetunet II i 2012.

Kleppetunet II (frå 2012)

Drift av Kleppetunet II vil frå 2012 vera den klart største økonomiske utfordringa i åra som kjem. Prosjektet tek høgde for å dekkja framtidige behov for heildøgns plassar innan pleie og omsorg. Det er særst viktig å vera obs på at huset og inneber ei satsing på så vel sjukeheimplassar, dagtilbod, utvida rehabiliteringsteneste til sjukeheimspasientar og heimebuande innbyggjarar.

Bygningsmessig vert det i dette bygget satsa relativt tungt på oppbygging av eit rehabiliteringstilbod. Nye fasilitetar til ny rehabiliteringseining med behandlingsrom, treningsrom og varmtvassbasseng. For å oppnå den ønska effekt av disse tiltaka, må sjølvsgatt bemanninga innan rehabilitering og styrkast.

Rådmann, økonomisjef, kommunalsjef og faglege leiarar har sett på kor mykje ressursar som må setjast av frå 2012 for å koma i gang med drifta. Denne vurderinga vil måtta verta ei avveging mellom behov og økonomi. Dei kjende økonomiske utsiktene tilseier at ein må leggja seg på ein så forsiktig oppstart som mogeleg. Kommunalsjefen har drøfta dette med rådmann og økonomisjef.

Den faglege vurderinga går ut på full oppstart av rehabiliteringseininga og drift av 32 sengeplassar. Vurdert opp mot den økonomiske situasjonen, vil drift av 16 plassar og ei gradvis oppbygging av rehabiliteringstilbodet vera mest sannsynleg. Dei statlege tilskota fom 2012 i samband med samhandlingsreformen kan endra på dette.

Det er eit omfattande arbeid å planleggja og førebu oppstart av drifta frå 2012. Det vil vera nødvendig å få på plass ein personalressurs som kan arbeida med dette i siste del av 2010.

Ein slik oppstart vil gi rom for utleige av plassar til andre kommunar og eventuelt overflytting av pasientar frå Kleppheimen for ein periode. Det er behov for nokre bygningsmessige oppgraderingar i Kleppheimen. Dette vil rådmannen koma meir konkret tilbake til i handlingsarbeidet hausten 2011.

2011 Budsjettet

Arbeidet med budsjettering av avdelingane sine driftsbudsjett pågår no. Det er difor vanskeleg å seia om den tildelte ramma vil kunne dekkje noko meir enn vidareføring av dagens drift. For eit år sidan var dette forholdet negativt. Kommunalsjefen vil likevel freista finna plass for nokre av behova for utviding innafør ramma.

Det som vil verta prioritert er følgjande:

- 1/2 stilling sjukepleiar ved legevakta
(forutset at Time kommune dekkjer ½ stilling) kr 300 000
- Styrking av økonomisk sosialhjelp kr 1 000 000

Tiltak utafør ramma som ein ber om rammeauke til:

- Økonomisk sosialhjelp kr 2 500 000
Som tidlegare varsla går det og i år mot budsjettoverskriding her. Det er difor nødvendig å be om rammeauke for 2011. Årsakene til dette er samansette. Sosialhjelpsbudsjettet har dei siste åra vorte reduserte pga redusert behov. Dette behovet er no aukande. Det er NAV kontoret som har ansvaret for denne forvaltninga. Arbeidspresset i NAV-kontoret er særst stort. Det tek tid å få effekt av kvalifiseringsprogrammet. Husleige-kostnadane har vist ei kraftig auke i Klepp. Dette slår sterkt ut hos dei med svakast økonomi og medfører igjen aukande utgifter for Klepp kommune.
- 1/1 årsverk kurator i sosialtenesta kr 600 000
Kurortenenesta i sosialavdelinga består av 3 kuratorar og ein fagansvarleg. Arbeidsoppgåvene er omfattande:
 - Avlasting, saksbehandling og oppfølging og vegleiing av familiar og avlastarar.
 - Koordinatorar for individuell plan.
 - Støttekontakt/treningskontakt. Rekruttering, saksbehandling, oppfølging og vegleiing av støttekontaktar og kontakt med brukarane og familiane deira.
 - Arbeid med rusmisbrukarar. Eit omfattande arbeid og eit satsingsområde. Det vert i dag arbeidd mykje med å utvikla tverrfagleg arbeid for denne brukargruppa. Det er eit særst ressurskrevjande arbeid.

Dersom kurortenenesta ikkje berre skal driva ”brannsløkking” er det nødvendig med styrking av bemanninga i denne tenesta.

- Kleppetunet II kr 350 000
6 månadsverk for førebuing av oppstart av drift i 2012

- Auka kostnader til kjøp av plass for 1 multifunksjonshemma brukar i Sandnes kommune. kr 600 000
Klepp kommune har kjøpt plass for denne brukaren i Sandnes kommune i mange år. Prisen har vore den same i alle desse åra, og Sandnes kommune krev no betalt i samsvar med dei faktiske kostnadane.

- 1/1 årsverk helsestasjon/barneverntenesta kr 600 000
Den kraftige befolkningsauken dei seinaste åra har vore medverkande til at både helsestasjonen og barnevernet slit med å vera à jour på grunn av aukande arbeidsmengd utan at ressursituasjonen er endra. Kommunen si satsing på tidleg intervensjon i høve til barn med særlege behov krev auka tverrfagleg innsats. For å heva kompetansen til å arbeida på denne måten er to tilsette frå helsestasjonen og barnevernet inne i eit omfattande opplæringsprogram i høve til dette. Disse skal i neste omgang bidra til kompetanseheving i dei ulike faggruppene gjennom dei neste 3 åra.

Det er avgjerande at kommunen har nok ressursar til denne opplæringa av personale i barnehagar, skular og på helsestasjonen _____

Førebels sum tiltak utafør ramma kr 4 650 000

Dette forutset at ein lukkast i å innarbeida nokre nye tiltak innan den tildelte ramma.

Vedlegg:

- Målkart

Innstilling:

Kommunalsjefen sitt forslag til vedtak:

1. Hovudutval for helse og omsorg vedtar følgjande prioritering av nye tiltak i budsjettet for 2010:

1. Styrking av økonomisk sosialhjelp 2,5 mill kr
2. 6 månadsverk til førebuing av driftsstart i Kleppetunet II 0,3 mill kr
3. Auka kostnader til kjøp av tenester for multifunksjonshemma person i Sandnes kommune 0,6 mill kr
4. 1/1 årsverk kurator i sosialtenesta 0,6 mill kr

5. 1/1 årsverk barnevern/helsestasjon	<u>0,6 mill kr</u>
Sum	4,6 mill kr
2. Investeringar 2011.	
1. Bustadprosjekt vanskelegstilte, Grønvegen 4, byggekostnad	5,9 mill kr
2. Alarmanlegg for personalet, PK 5 og PK 27. Dagens alarmssystem er gammalt, ikkje mulig å reparere. Heilt nødvendig med alarmsystem ift personalet sin sikkerheit	0,4 mill kr
3. Utbygging av kjøkken på Kleppheimen på grunn av auka produksjon ved oppstart av Kleppetunet II. I tillegg er det behov for meir utstyr for å møte auka produksjonsbehov	1,3 mill kr
4. Ny bil dagsenter. Nåverande bil er 9 år og pådrar seg store reparasjonskostnader	0,5 mill kr

Hovudutval for helse og omsorg den 01.09.2010 sak 31/10

Behandling:

Utvalet redigerte i innstillinga punkt 1 drift:
2010 vart endra til 2011.

Einstemmig VEDTAK:

1. Hovudutval for helse og omsorg vedtar følgjande prioritering av nye tiltak i budsjettet for 2011:	
1. Styrking av økonomisk sosialhjelp	2,5 mill kr
2. 6 månadsverk til førebuing av driftsstart i Kleppetunet II	0,3 mill kr
3. Auka kostnader til kjøp av tenester for multifunksjonshemma person i Sandnes kommune	0,6 mill kr
4. 1/1 årsverk kurator i sosialtenesta	0,6 mill kr
5. 1/1 årsverk barnevern/helsestasjon	<u>0,6 mill kr</u>
Sum	4,6 mill kr
2. Investeringar 2011.	
1. Bustadprosjekt vanskelegstilte, Grønvegen 4, byggekostnad	5,9 mill kr
2. Alarmanlegg for personalet, PK 5 og PK 27. Dagens alarmssystem er	

- | | |
|--|-------------|
| gammelt, ikkje mulig å reparere. Heilt nødvendig med alarmsystem ift personalet sin sikkerheit | 0,4 mill kr |
| 3. Utbygging av kjøkken på Kleppheimen på grunn av auka produksjon ved oppstart av Kleppetunet II. I tillegg er det behov for meir utstyr for å møte auka produksjonsbehov | 1,3 mill kr |
| 4. Ny bil dagsenter. Nåverande bil er 9 år og pådrar seg store reparaasjonskostnader | 0,5 mill kr |

Etat for lokal utvikling

HANDLINGSPLAN 2011 - 2014

Arbeidet med handlingsplan 2011 – 14 er basert på budsjetttrundskriv frå rådmannen datert 30.06 2010.

Status i etaten

2010 er økonomisk eit vanskeleg driftsår for Lokal utvikling. Vi hadde ein uvanleg snøvinter med kuldeperiode langt ut over det vi planlagt og budsjettert ut frå, og dette medførte auka kostnader til både snørydding og til energikjøp til oppvarming av bygningar. I tillegg ser vi ein markert nedgang i gebyrinntektene innan byggesak og oppmåling. Dette speglar redusert byggjeaktivitet delvis som følgje av generelle økonomiske trendar og i nokon grad som resultat av kommunal styring med sikte på å dempe folketalsveksten.

Den statlege tiltakspakken gjorde at vi fekk løyst ein del oppgåver i 2009 ut over vanleg vedlikehald. Det var eit positivt bidrag (om enn lite) for å redusera vedlikehaldsetterslepet, men skapte forventningar ute i verksemdene om at nivået på tiltak og vedlikehald skulle først vidare på om lag same nivå.

Det blei ettervinteren 2010 oppfatta klare politiske signal om at snøryddinga måtte intensiverast utan omsyn til at budsjetttrammene var brukte opp, og at dei ekstraordinære kostnadene ville bli følgt opp med ekstra ressursar.

Etaten har gjennomført stram økonomisk styring heile året med sikte på å dekke inn så mykje som muleg av overskridingar og inntektssvikt. Tiltaka har vore å halda stillingar ledige, redusere bruk av eksterne tenester og utsetjing av innkjøp og vedlikehald. Medio september kan det sjå ut som om vi skal klare å dekke inn det meste, men deler av desse innsparingstiltaka skjer ved å utsetje arbeidsoppgåver, vedlikehald og innkjøp som er naudsynte. Slike sparetiltak utløyser ekstra behov for ressursar neste år.

Nedanfor følgjar ein oversikt over kostnader til tiltak som er politisk vedtekne. Her er lista opp både dei tiltaka som er vedtekne i særlege vedtak og driftskonsekvensar av investeringar. Ingenting av dette ligg inne i budsjetttramma for lokal utvikling for åra som kjem:

Vedtekne tiltak som ikkje ligg i ramma:

Kva	2011	2012	2013	2014
1) Reinhald/vedlikehald Borsheim bhg.	350 000	350 000	350 000	350 000
2) Reinhald/vedlikehald Lyngmarka bhg.	300 000	300 000	300 000	300 000
3) Reinhald/vedlikehald tilbygg Bore u	300 000	300 000	300 000	300 000
4) Reinhald/vedlikehald Kleppetunet 2		3 500 000	3 500 000	3 500 000

5) Tilskot bru over Frøylandsvatnet		250 000		
6) Drift Feistein	200 000	200 000	200 000	200 000
7) Regional kultursatsing	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum	1 250 000	5 000 000	4 750 000	4 750 000

Ut over dette kjem følgjande tiltak/utgifter som kommunen vanskeleg kjem utanom:

Kva	2011	2012	2013	2014
8) Endre kostnadsnøkkel brannvesenet	300 000	300 000	300 000	300 000
9) Underfinansiering drift veg	300 000	300 000	300 000	300 000
10) Ny idrettshall Orstad – tilskot drift	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum	700 000	700 000	700 000	700 000

Nærare om dei einskilde punkta:

1. Borsheim barnehage blir starta opp hausten 2010, men det er ikkje gitt løyving til reinhald og vedlikehald. Reinhaldet vil koste ca. kr. 200 000,- pr. år, og vedlikehald er stipulert til kr. 150 000,-.
2. Den påbygde Lyngmarka barnehage vil bli teken i bruk hausten 2010. Reinhald og vedlikehald i nybygget er rekna til kr. 300 000,-.
3. Påbygget til Bore ungdomsskule er ca. 850 m2. Reinhald og vedlikehald er rekna til ca. kr. 300 000,-.
4. Vedlikehald og reinhald av Kleppetunet II vil påføre Klepp kommune kostnader på ca. kr. 3 500 000,-. (Jf. eiga sak) Det kan bli noko billigare dersom deler av bygget ikkje blir nytta. Truleg vil noko av reinhaldet bli ført på helse/sosial sitt budsjett.
5. Kommunestyret vedtok 20.6.2010 å yte eit tilskot på kr. 250 000,- til bru over Frøylandsvatnet. Dette er foreslått teke inn i budsjettet for 2012.
6. Kommunestyret vedtok 18.5.2010 ny leigeavtale for Feistein fyr som medfører ekstrakostnader på ca. kr. 200 000 pr år.
7. Kommunestyret vedtok 18.5.2010 at Klepp skulle vera med på eit interkommunalt kultursamarbeid som medfører ekstrakostnader på ca. kr. 100 000 pr år.
8. Det vil frå 2011 bli justerte kostnadsnøklar for Brannvesenet i Sør-Rogaland som byggjer på oppdaterte innbyggjartal. (Sjå eiga sak.) Dette vil medføre ein kostnadsauke for Klepp på kr. 324 000 ut over prisauken. (Her kan ein få større auke,

då Brannvesenet ser ut til å få underskot i 2010.)

9. Etter at omkjøringsvegen blei bygd fekk Klepp kommune ansvaret for vedlikehald av gang- og sykkelvegen gjennom Kleppe. I tillegg er det bygd/overteke nye kommunale vegar i bustadfelt, og hovudutvalet har vedteke meir omfattande opplegg for reinhald langs dei kommunale vegane. Rekneskapet dei siste åra viser at me har overskride budsjettet for vedlikehald vegføremål vesentleg. Det må leggjast inn ein auke på minst kr. 300 000 til vedlikehald veg for å justera budsjettet i samsvar med faktiske utgifter og dei oppgåvene etaten har fått.
10. Ny idrettshall på Orstad vil stå ferdig tidleg i 2011. Klepp kommune må behandla den nye hallen likt som dei andre private hallane når det gjeld kommunale tilskot. Dersom driftstilskotet til dei andre skal haldast på same nivå, må den samla tilskotsposten til drift av private idrettshallar aukast med ca. kr. 100 000,-.

Ut over denne opplistinga burde det i budsjettet for 2011 og åra som kjem vore sett av midlar til:

- Vesentleg styrking av budsjettet for vedlikehald av kommunale bygg. Situasjonen er nå slik at vi vedlikeheld til forfall, og vedlikehaldsetterslepet aukar for kvart år.

(Unnataket var 2009.) Auken i kommunen sin bygningsmasse er:

Borsheim barnehage	869 m ²
Tilbygg Lyngmarka barnehage	513 m ²
Tilbygg Bore ungdomsskule	846 m ²
Tillegg Orstad skule (grendehus)	615 m ²
Modulbygget	ca. 1000 m ²

Dersom ein tek utgangspunkt i vedlikehaldskostnader på 150 kr/m², tilseier det auka vedlikehaldskostnader på meir enn 500 000 kr i 2011. Styrking av vedlikehaldsbudsjettet med 2 mill. kr ville vera god økonomi for kommunen på lang sikt.

- Tilskot til frivillige lag og organisasjonar burde vore auka. Etter kommunalsjefen si vurdering har Klepp gode ordningar for tilskot til nyanlegg, mens tilskota til drift av både aktivitet og anlegg er vesentleg betre i fleire andre kommunar i området.
- Biblioteket har stort utlån og betyr mykje for mange innbyggjarar i kommunen. Drifta av biblioteket burde vore styrka når det gjeld bemanning, slik at tenestetilbodet kunne utviklast vidare.
- Klepp kommune overtek meieriet i 2012. Det er ikkje sett av pengar til drift.

Behandling i hovudutval for lokal utvikling

Hovudutvalet behandla prioriteringar i samband med handlingsplanen i møte 31. august 2010, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Hovudutval for lokal utvikling vil prioritera desse tiltaka i handlingsplanen for 2011 - 2014:

1. *Vedlikehald - drift*
2. *Sykkel- og gangstiar - investering*

Budsjettprosessen i etaten

I budsjettprosessen har etaten gjort strenge vurderingar av kva som kan dekkast innanfor tildelt budsjetttramme ved effektivisering og streng prioritering av oppgåver. Etter denne gjennomgangen står att følgjande tiltak i 2011 som det ikkje er rom for innanfor ramma:

Reinhald	300 000,-
Drift Feistein	200 000,-
Drift veg	300 000,-
Tilskot ny idrettshall Orstad	100 000,-
Vedlikehald – drift nybygg	500 000,-
Sum	1 400 000,-

I tillegg bør vedlikehaldsbudsjettet styrkast med 2 mill kr for å halda tritt med vedlikehaldsbehovet – jfr. prioriteringa frå hovudutval for lokal utvikling.

Husleige og gebyr

Det er lagt opp til ein auke i husleigene for kommunale bustader med 5 % i samsvar med vedtak i LU-styret i sak 102/09 (Referert i formannskapet sak 59/09).

Det er så langt lagt til grunn auke i VA-gebyra med 10 % for vatn og 7 % for avløp. (ingen auke for renovasjon.) Dette kjem til behandling som eigne saker.

Innan byggesak og oppmåling vil nye gebyrregulativ koma som eigne saker. Det blir lagt opp til vesentleg auke i oppmålingsgebyra for å koma meir på linje med nabokommunane og oppnå større grad av sjølvkost.

Investeringar

Gang- og sykkelveg er prioritert i 4-årsperioden.

Vidareføring av Gang- og sykkelvegen langs Orrevegen forbi Horpestad skule ligg inne med til saman 13,3 mill kr, og tilsvarende prosjekt langs Grødalandsvegen er budsjettert med 9,3 mill kr. Ut frå dei kalkylane ein arbeider etter er dette tilstrekkeleg til å gjennomføre begge prosjekta.

Gang- og sykkelveg langs Lalandsvegen er neste prosjekt på prioriteringslista.

Det ligg inne 400 000 kr til mindre trafikkisikringstiltak kvart år.

Det er lagt inn 1 mill kr i året til transportplan Nord-Jæren. Av dette reknar ein med å få halvparten frå transportplanen sitt handlingsprogram (bompengar). Det er avtale om dette ut

2012 (vedteken bompengerperiode), men det er under arbeid ei forlenging av bompengerperioden som truleg kan gi rom for utviding av den lokale avtalen om tilføring av bompengemidler til lokale trafikk-tiltak.

Løyvinga til Parkvegen er ført opp med 1 mill kr som i vedteken handlingsplan. (1,2 mill er løyvt tidlegare.) Kostnadene er usikre.

Løyvinga til maskinkjøp til teknisk og gartner er slått saman. Samla løyving er på 3 mill kr i perioden.

Kostnadene med kjøp av meieriet er lagt inn i 2012 i samsvar med vedtak. Det er ikkje sett av midlar til bygningsmessige tiltak.

I tillegg til midlar til veglys og turstiar om lag som før, er det sett av 1,5 mill kr til lys langs turstien ved Frøylandsvatnet frå Orstad til Gunnarsberget i 2010 og 2011. I utbyggingsavtale med Kvernaland Næringspark er det avklart at dei dekker betydelege deler av kostnadene, men tid for utbetaling avheng av når dei kjem i gang med opparbeiding av næringsområdet.

Det er sett av 1 mill kr i året til sentrumstiltak/oppfølging sentrumsplanen i samsvar med gjeldande investeringsbudsjett/handlingsplan.

Det er sett av 1 mill kr til ombyggingstiltak i Rådhuset i 2011, mellom anna for å få nytta kontorkapasiteten betre.

Del av kostnadene med veg til Borestranda (0,5 mill) er teke med i 2011, og nytt idrettsgolv i Klepphallen i 2013.

VAR-sektoren

Framføring av leidning til Stangeland for å redusere avrenning til Figgjoelva er i gang, og sluttfinansiering med 3 mill kr ligg inne i 2011/12. Det er sett av 1 mill kr til framføring av vatn til nytt næringsområde på Tu, og til saman 3 mill kr til kloakking Borsheim (til barnehagen) og på Skas. Mot slutten av perioden er det sett av rammesummar til nye VA-prosjekt. Prioriteringane vil byggje på kommunedelplanane Vann inn og Vann ut, og bli avklart i komande handlingsplanar.

Klepp kommune, 09.09.2010

Kåre Strand
Kommunalsjef

SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK**Hovudutval for lokal utvikling****Sak nr 86/10**

Saksbehandler: Viggo Johansen/Kåre Strand
Arkivsak: 10/287-6

Arkiv: 145
Møtedato: 31.08.2010

HANDLINGSPLAN 2011 - 2014 - LOKAL UTVIKLING**Om handlingsplanprosessen**

Dei 4 første sidene som omhandler handlingsplanprosessen er felles for alle hovudutvala og er derfor bare tatt med i saka frå hovudutval for skule og barnehageskule.

Status i etaten

Etat for lokal utvikling fekk ei rammeauke på 0,7 mill. ved behandlinga av budsjett2010. Dette var knytt til etableringa av oppsøkjande ungdomsteneste og til planarbeidet for bybandet sør. Dei midlane vi fekk ekstra i 2009 til vedlikehald blei ikkje førte vidare, og dette får som konsekvens at bygningsvedlikehaldet i år har vesentleg mindre midlar til disposisjon enn i 2009.

I tertialrapporten etter 1. tertial 2010 heiter det i oppsummeringa:

"Lokal utvikling melder om svikt i inntektene på oppmåling og overforbruk på straum, snørydding og vintervedlikehald. Dette oppsummerer seg til nærare 1,5 mill. kr. I tillegg kjem manglande dekning for medlemsavgift til Greater Stavanger på netto ca. kr 150 000."

Nedanfor følgjar ein oversikt over kostnader til tiltak som er politisk vedtekne. Her er lista opp både dei tiltaka som er vedtekne i særlege vedtak og driftskonsekvensar av investeringar. Ingenting av dette ligg inne i budsjetttramma for lokal utvikling for åra som kjem:

Vedtekne tiltak som ikkje ligg i ramma:

Kva	2011	2012	2013	2014
1) Medlemsavgift Greater Stavanger	350 000	350 000	350 000	350 000
Bidrag Skape.no	35 000			
2) Reinhold Borsheim barnehage	200 000	200 000	200 000	200 000
3) Underfinansiering drift veg	300 000	300 000	300 000	300 000
4) Reinhold Lyngmarka barnehage	200 000	200 000	200 000	200 000
5) Reinhold/vedlikehald tilbygg Bore u	300 000	300 000	300 000	300 000
6) Reinhold/vedlikehald Kleppetunet 2		4 500 000	4 500 000	4 500 000
7) Tilskot bru over Frøylandsvatnet		250 000		
8) Drift Feistein	200 000	200 000	200 000	200 000
9) Regional kultursatsing	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum	1 685 000	6 400 000	6 150 000	6 150 000

Ut over dette kjem følgjande tiltak/utgifter som kommunen vanskeleg kjem utanom:

Kva	2011	2012	2013	2014
10) Endre kostnadsnøkkel brannvesenet	300 000	300 000	300 000	300 000
11) Ny idrettshall Orstad – tilskot drift	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum	400 000	400 000	400 000	400 000

Nærare om dei einskilde punkta:

11. Kommunestyret har vedteke medlemsskapet i Greater Stavanger, og medlemsskapet blir følgt opp frå Formannskapet. Kostnadene er ført på LU sitt budsjett. I medlemsskapsavtalen låg det inne at kontingenten skulle auka til kr. 40,- pr innbyggjar frå 2010. (Tidlegare kr. 20,- pr innbyggjar.) Det er ikkje gitt rammeauke for desse kostnadene, og dette vil medføre overskriding på tenestoområde næring i 2010. Meirkostnad for 2011 – kr. 350 000,-.

Formannskapet vedtok i sak 10/10 ein ny modell for samarbeid mellom Skape.no og Jæren Produktutvikling. Modellen medfører utgifter på kr. 2,- pr. innbyggjar for Klepp, og er så langt vedteken for 2 år – ut 2011.

12. Borsheim barnehage blir starta opp hausten 2010, men det er ikkje gitt løyving til reinhald og vedlikehald. Reinhaldet vil koste ca. kr. 200 000,- pr. år.

13. Etter at omkjøringsvegen blei bygd fekk Klepp kommune ansvaret for vedlikehald av gang- og sykkelvegen gjennom Kleppe. I tillegg er det bygd/overteke nye kommunale vegar i bustadfelt, og hovudutvalet har vedteke meir omfattande opplegg for reinhald langs dei kommunale vegane. Rekneskapet dei siste åra viser at me har overskride budsjettet for vedlikehald vegføremål vesentleg. Det er lagt inn ein auke på kr. 300 000 til vedlikehald veg for å justera budsjettet i samsvar med faktiske utgifter og dei oppgåvene etaten har fått.

14. Den påbygde Lyngmarka barnehage vil bli teken i bruk hausten 2010. Reinhald i nybygget er rekna til kr. 200 000,-.

15. Påbygget til Bore ungdomsskule er på ca. 1000 m². Reinhaldet her er rekna til ca. kr. 300 000,-.

16. Vedlikehald og reinhald av Kleppetunet II vil påføre Klepp kommune kostnader på ca. kr. 4 500 000,-. (Jf. eiga sak) Det kan bli noko billigare dersom deler av bygget ikkje blir nytta.

17. Kommunestyret vedtok 20.6.2010 å yte eit tilskot på kr. 250 000,- til bru over Frøylandsvatnet. Dette er foreslått teke inn i budsjettet for 2012.
18. Kommunestyret vedtok 18.5.2010 ny leigeavtale for Feistein fyr som medfører ekstrakostnader på ca. kr. 200 000 pr år.
19. Kommunestyret vedtok 18.5.2010 at Klepp skulle vera med på eit interkommunalt kultursamarbeid som medfører ekstrakostnader på ca. kr. 100 000 pr år.
20. Det vil frå 2011 bli justerte kostnadsnøklar for Brannvesenet i Sør-Rogaland som byggjer på oppdaterte innbyggjartal. Dette vil medføre ein kostnadsauke for Klepp på kr. 300 000 ut over prisauken. (Her kan ein få større auke, då Brannvesenet ser ut til å få underskot i 2010.)
21. Ny idrettshall på Orstad vil stå ferdig tidleg i 2011. Klepp kommune må behandla den nye hallen likt som dei andre private hallane når det gjeld kommunale tilskot. Dersom driftstilskotet til dei andre skal haldast på same nivå, må den samla tilskotsposten til drift av private idrettshallar aukast med ca. kr. 100 000,-.

Ut over denne opplistinga burde det i budsjettet for 2011 og åra som kjem vore sett av midlar til:

- Vesentleg styrking av budsjettet for vedlikehald av kommunale bygg. Situasjonen er nå slik at vi vedlikeheld til forfall, og vedlikehaldsetterslepet aukar for kvart år. (Unnataket var 2009.) Auken i kommunen sin bygningsmasse er:

Borsheim barnehage	869 m2
Tilbygg Lyngmarka barnehage	513 m2
Tilbygg Bore ungdomsskule	846 m2
Tillegg Orstad skule (grendehus)	615 m2
Modulbygget	ca. 1000 m2

Dersom ein tek utgangspunkt i vedlikehaldskostnader på 150 kr/m2, tilseier det auka vedlikehaldskostnader på meir enn 500 000 kr i 2011. Styrking av vedlikehaldsbudsjettet med 2 mill. kr ville vera god økonomi for kommunen på lang sikt.
- Tilskot til frivillige lag og organisasjonar burde vore auka. Etter kommunalsjefen si vurdering har Klepp gode ordningar for tilskot til nyanlegg, mens tilskota til drift av både aktivitet og anlegg er vesentleg betre i fleire andre kommunar i området.
- Biblioteket har stort utlån og betyr mykje for mange innbyggjarar i kommunen. Drifta av biblioteket burde vore styrka når det gjeld bemanning, slik at tenestetilbodet kunne utviklast vidare.
- Klepp kommune overtek meieriet i 2012.

Vurdering:

Siktemålet med denne saka er at hovudutvala skal kunne diskutere prioriteringar for dei komande åra på fritt grunnlag før kommunalsjefen utarbeider budsjettnotat til rådmannen/handlingsplanutvalet. Ut frå kommunen sin økonomiske situasjon er dei opplista tiltaka langt på veg det som alt er vedteke, og det meste av kostnadene kjem uansett.

Dei opplista tiltaka er ikkje å oppfatte som ei liste over ønskemål i etaten. Dei aller fleste punkta på lista er påminning om vedtak som er gjort og som medfører auke i kostnader.

Vedlegg

Budsjettrundskriv frå rådmannen
Målkart - utkast

Innstilling:

Kommunalsjefen tilrår slikt vedtak:

Hovudutval for lokal utvikling vil prioritera desse tiltaka i handlingsplanen for 2011 - 2014:

- 1.
- 2.
- 3.

Hovudutval for lokal utvikling den 31.08.2010 sak 86/10

Behandling:

Forslag frå Arne Madland -frp

1. Vedlikehald - drift

Forslag frå Andreas Wiig -sp

2. Sykkel- og gangstiar - investering

Forslaga frå Arne Madland og Andreas Wiig fekk 9 stemmer.

Einstemmig VEDTAK:

Hovudutval for lokal utvikling vil prioritera desse tiltaka i handlingsplanen for 2011 - 2014:

3. Vedlikehald - drift
4. Sykkel- og gangstiar - investering

Kyrkja

Budsjett 2011

Nedanfor fylgjer Fellesrådet sitt driftsbudsjettet for 2011 i.h.t. rama og driftsbudsjett utafør rama.

1. Driftsutgifter utafør rama, sjå vedlegg som grunngir behovet. (2 postar)

2. Investeringar - i prioritert rekkefylgje.

Kommentarar til oppstillinga. Søknad om midlar til slutføring av uteanlegget/parkeringsplassen ved Frøyland og Orstad kyrkje ser vi ikkje som nytt prosjekt, men ferdigstilling av påbegynt prosjekt.

Ominnredning kyrkjekontoret er ei sak som vi må finne løysing på snarast. Dette håper vi kommunen finn løysing på allereie dette året og finn midlar til dette på årets budsjett. Fellesrådet ser at denne enkle løysinga kan gi tilfredsstillande arbeidsplass for dei berørte nokre år til, før Fellesrådet vil be Kommunen om hjelp til å finne større, eigna lokal til dei kyrkjetilsette.

Elles er investeringane oppført på lista etter prioriteringar gjort av Fellesrådet.

Kommentarane til kvart punkt gir kort og konkret info om prosjekta. Fellesrådet ser at det hastar med å få gjennomført 1. prioriteringa (Utviding av Bore kyrkje). Fellesrådet ber om at det vert løyvt midlar til detalplanlegging alt frå 2011.

Vi håper desse dokumenta gir nødvendig grunnlag og at kyrkja får midlar til å løyse desse nemnde oppgåvene.

NB! Dagens overrasking: Får krav frå KLP på innbetaling reguleringspremie for tidlegare tilsette, kalt oppsatte medlemar, på kr. 80 233,-. Om dette er innlagt i budsj.modulen for løn er usikkert for oss.?

Vennlig hilsen
Johs. Byberg
Kyrkjeverge

Oppstilling m/kommentar på **driftsutgifter og investeringar utanom rama**. Prioriteringa er gjort i FR-sak 001/09, møte 11.01.10. Dei sakene som er fyrst i prioriteringa er og handsama i FR som eigne saker, vist nedanfor:

1. Driftsutgifter

Årleg leigeutgift frå 2011kr.	24 000,-	(Silo v/Orrre gml kyrkje)	FR-sak 025/10
Ny stilling 50%	” 300 000,-		FR-sak 026/10

2. Investeringar – i prioritert rekkefylgje.

0 Prosjekt, ikkje ferdig. Uteanlegg/parkeringsplass v/Frøyland og Orstad kyrkje
Totalkostnad 1,4 mill. delt på Klepp og Time kommunar

1.a. Ominnredning kyrjekontoret kr. 215 000,- inkl. mva. FR-sak 023/10

1. Utviding Bore kyrkje	kr. 7 997 345,- ekskl. mva.	FR-sak 021/10
Innkjøp tilleggsjord Bore	?	FR-sak 022/10

2. Kyrkjelydssal v/Orrre kyrkje

3. Nytt orgel Orrre kyrkje

4. Tomt og ny kyrkje i Klepp

Kommentarar uteareal/parkering v/Frøyland og Orstad kyrkje.

Uteanlegget, parkeringsplassen ved Frøyland og Orstad kyrkje er ikkje ferdig. Kyrkja er blitt dyrere enn kalkylen tilsa. Stor dugnadsinnsats, større enn budsjettet, har ikkje kompensert for kostnadsauken. Det er urimeleg å auke krav til eigeninnsats.

Fellesrådet ser ingen annan utveg enn å søkje om tilleggslyyving for å få ferdigstilt uteområdet. Vi viser og til infomøte om saka på Rådhuset, 29.06.10.

Frøyland og Orstad kyrkje har fått stor merksemd då den er bygd for å være lett tilgjengeleg og for personar med funksjonshemmingar, universell utforming. Dette har gjort kyrkja dyrare. Fellesrådet ber Klepp kommune ta saka opp att og søker med dette om midlar på 2011-budsjettet (investering). At byggekostnaden har overskredet kalkylen likar vi ikkje. Nå er kyrkja bygd og FR meiner at uteanlegget må gjerast ferdig slik at rullestorbrukarar og andre som har vanskeleg å ta seg fram, kjem inn i kyrkja.

Ominnreing kyrjekontoret

For å sikre tilsette kontor plass og betre tilrettelagt resepsjon, samt montere døråpner for lettare adkomst vil FR investere i ombygging for kr. 214 000,- (inkl. mva.) + døråpner. Når Klepp får tildelt trusopplæringsmidlar (2011/2012) vil dette utløyse min. 2 tilsette meir og det hastar å få gjennomført ominnreinga. Planløyvinga er diskutert med LU (Kåre Strand) 14.07.10.

Fellesrådet ser dette som investering, og at kommunen dekker ombyggingskostnadene. Saka hastar. FR søker kommunen om dekning for dette i 2010 ev. 2011.’

Utviding Bore kyrke

Plan om utviding av Bore kyrkje har vore kjent ei tid og informasjon om saka har vore gitt til repr. frå Klepp kommune som og er blitt orientert om utviklinga. Nå er saka handsama i FR som gir tilslutning til utvidinga. FR oversender saka til Klepp kommune med søknad om midlar til finansiering. For å få rasjonell framdrift søker FR om midlar til detaljarbeid og klargjering for utvidinga i 2011 og at Kommunen frå 2012 kan avsette midlar til å finansiere utvidinga. Kyrkja er for lita og det hastar for soknet å få kome i gang med arbeidet. Vi viser til fyldig og godt dokumentert søknad frå Bore sokneråd som ligg ved saka (FR-sak 021/10).

Tilleggsjord v/Bore kyrkje

At det la seg til rette for tilleggsareal ved Bore kyrkje nå gjer at BS og FR tilrår at Klepp kommune går i forhandlingar med bonden med tanke for kjøp av tilleggsjord. Dette gir høve for tiltenkt utviding av parkeringsplassen, som er for liten. Og for framtida utviding av gravlund og plass til fleirbrukshus for Bore. Prioritering heng saman med utviding av kyrkja.

Kyrkjelydssal v/Orrer kyrkje.

Kyrkjelydssal v/Orrer kyrkje ser FR som viktig for å leggje tilhøve til rette for og ta vare på utviklinga i Orrer sokn. Behovet for kyrkjelydssal er handsama i Orrer sokneråd som og har hatt kyrkjelydsmøte om saka.

Nytt orgel i Orrer kyrkje.

Orgelet i Orrer kyrkje har skranta, det er i dårleg teknisk stand. Behovet for nytt er det informert om tidlegare. Orrer kyrkje er den som i Klepp har de beste akustiske tilhøve for å skape god musikk, "naturleg" klang, og godt egna til konsertar.

Ny kyrkje og tomt til denne på Klepp

Til å arbeida med denne saka har Klepp sokneråd (KS) etablert stiftelse. Arbeidet går i fyrste omgang på å skaffe tomt til ny kyrkje, til å samle inn pengar, hjelpe KS med framdrift i praktisk arbeid omkring ny tomt og så vidare med ny kyrkje på Kleppe. Det er søkt Klepp kommune om hjelp til å finne den "rette tomte". FR ber kommunen om snarleg hjelp til å finne lagleg tomt. Når tomte er bestemt vil dette være til stor inspirasjon for gjevartenesta som er i gang for ny kyrkje på Kleppe. Deretter går arbeidet vidare etter prioriteringa.

Vi er kjent med at Klepp kommune har gått inn for at kyrkja framleis skal være statskyrkje, og har då og teke på seg ansvar som fylgjer med. Klepp kyrkjelege fellestråd trur Klepp kommune er merksame på at investeringar innan kyrkjeleg sektor dei siste åra er forsømd. Dette gjer at kyrkja her har stort etterslep. Vi trur og at Kommunen ser kyrkja sitt arbeid verdfullt, serleg arbeidet innan born, unge og kyrkja sitt arbeid i dei ulike fasane i livet. Fellestrådet ser fram til at det vert avsett midlar til dei ovanfor nemnde investeringsprosjekta. Fellestrådet meiner at midlar til kyrkja bør aukast dei komande år, Jfr. nabokommunar som Hå, Sandnes og ikkje minst Sola.

Klepp kyrkjelege fellestråd

Elin Anita Garpestad
leiar FR

Johannes Byberg
kyrkjeverje



Den norske kyrkja
Klepp kyrkjelege fellestråd



Til Fellestrådet: Info om auka kostnader ved fleire forordna gudstenestar.

Biskopen er den som fastset kor mange gudstenestar det skal vere i kvart sokn (forordna). Biskop skal dekke kostnader til prest, til det antal tenestar som er forordna, til vikar, fri og feriar. Fellestrådet har ansvaret for økonomien til å dekke naudsynt personale for gjennomføring av gudstenestane. Og dei arbeidsområda dette gjeld er:

1. Kyrkjetenar
2. Reinhold
3. Organist
4. Klokker

Fellestrådet må få friske midlar til å dekke dette. Praksis er at endringar i forordninga vert presentert kommunen som har ansvar for at FR får økonomi til å dekke disse. For Klepp vil framlegget frå Biskopen bety nto. auke på 40 gudstenestar/år.

Auken vil i praksis bety at det ikkje blir 40 fleire gudstenestar men at ein del av dei som vi i dag har vert dekkja økonomisk ved dugnad eller gjevarteneste. Berekninga som fylgjer er basert på at antal forordna gudstenestar for Klepp kyrkjelege fellestråd aukar med 40 gudstenestar/år.

Grunnen til auken kjem av at Klepp har hatt stor auke i folketalet. Siste gjennomgang frå Biskopen er 25 år gamal. Ikkje alle fellestråd i bispedømet har fått auka antal gudstenestar. Jæren Prosti er blant dei som hittil har hatt dårlegast dekning, dette vert nå rette opp.

Til berekninga nedanfor er "Sentrale Særavtalar (KA)" lagt til grunn. Der er tidsanslaget for 1 gudsteneste 7 timar. I tillegg har organist tillegg på +25%.

Med dette som bakgrunn og netto gudstenesteauke for Klepp kyrkjelege fellestråd, 40 gt/år, krev 1200 timar. Med 35,5 timars arbeidsveke blir dette 1200/1600 eller nøyaktig ¾ stilling.

Det er sannsynleg at auka antal g.tenestar og vil auke adm.arbeid og tilrettelegging.

I berekning vurderer KV adm.auken til å vere ca. 20% stilling. I tillegg kjem direkte meirkostnader med auka forbruk av el.kraft, tlf., annonsering og div. kontormatr./utstyr etc.

Ut frå det som er nemnt ovanfor vert oppsettet:

Auka lønsutgifter (årsløn 430.000, + omk.)	75%	kr. 419 250,00
Auka adm.kostn.	20%	" 111 800,00
Auka driftskostnader		" 60 000,00
<u>Årleg auka kostnader for Klepp kyrkjelege fellestråd</u>		<u>kr. 591 050,00</u>
<u>Time kommune sin del av auken (Frøyland og Orstad sokn)</u>		<u>kr. 105 000,00</u>
<u>Klepp Kommune sin del</u>		<u>kr. 486 050,00</u>

Desse kostnadene inkl. og Time sin del (Frøyland krins, 3000 innb.) Dette er om lag 18% av innbyggjarane i Time og ved å fordele dette vert Kr. 105 000,- presentert Time kyrkjelege fellestråd.

Dette beløpet er ikkje teke med i budsjettet. Vi er merksame på at det som er kome frå Biskopen ikkje er endeleg, men sendt ut for å få tilbakemeldingar/reaksjonar.

Klepp er glad for at antal g.tenestar nå får ein auke. Klepp har i lang tid venta på dette og no ser det ut til at det kan bli nto. 40 gudstenestar i auke, gjerne frå **hausten 2011**.

Saka er drøfta i Klepp kyrkjelege fellestråd 20.10. Informasjonen vert overbringt kommunen til info.

20.10.2010
Johs. Byberg

V e d l e g g

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT

REGNSKAP 2009 BUDSJETT 2010 BUDSJETT 2011 BUDSJETT 2012 BUDSJETT 2013 BUDSJETT 2014

Driftsinntekter

Brukerbetalinger	33576	34648	37055	37055	37055	37055
Andre salgs- og leieinntekter	62525	63246	69691	67986	70079	72467
Overføringer med krav til motytelse	165441	157631	106406	104539	93649	90949
Rammetilskudd	141510	138800	325100	329300	335800	338400
Andre statlige overføringer	55236	71975	14790	14590	14390	14290
Andre overføringer	1423	1108	1088	1088	1088	1088
Skatt på inntekt og formue	371533	404100	371700	371700	371700	371700
Eiendomsskatt	0	0	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0	0	0

Sum driftsinntekter **831242** **871508** **925830** **926258** **923761** **925949**

Driftsutgifter

Lønnsutgifter	449251	467021	493212	492992	493212	492992
Sosiale utgifter	115777	124302	127703	127673	127703	127674
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	116150	115426	108534	99020	101429	103487
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	57100	71033	81208	80378	80378	80378
Overføringer	96344	74193	87081	86525	88481	90642
Avskrivninger	35606	0	0	0	0	0
Fordelte utgifter	-27260	-18213	-19247	-19247	-19247	-19247

Sum driftsutgifter **842967** **833762** **878491** **867341** **871956** **875926**

Brutto driftsresultat **-11725** **37747** **47339** **58917** **51805** **50023**

Finansinntekter

Renteinntekter, utbytte og eieruttak	37943	34300	37700	38800	39600	40800
Mottatte avdrag på utlån	7	10	10	10	10	10

Sum eksterne finansinntekter **37950** **34310** **37710** **38810** **39610** **40810**

Finansutgifter

Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	18203	23900	25400	27300	28100	28300
Avdragsutgifter	26563	32400	38000	42100	46400	48000
Utlån	4	10	10	10	10	10

Sum eksterne finansutgifter **44769** **56310** **63410** **69410** **74510** **76310**

Resultat eksterne finanstransaksjoner -6819 -22000 -25700 -30600 -34900 -35500

Motpost avskrivninger 35606 0 0 0 0 0

Netto driftsresultat **17062** **15747** **21639** **28317** **16905** **14523**

REGNSKAP 2009 BUDSJETT 2010 BUDSJETT 2011 BUDSJETT 2012 BUDSJETT 2013 BUDSJETT 2014

Interne finanstransaksjoner

Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	0	7816	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	12906	9475	9092	9092	9092	9092
Bruk av bundne fond	7884	19537	8592	133	119	104
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	20791	36828	17684	9225	9211	9196
Overført til investeringsregnskapet	15422	33010	28200	26300	15400	12700
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	10973	18329	11012	11131	10605	10908
Avsetninger til bundne fond	3642	1235	111	111	111	111
Avsetninger til likviditetsreserven	0	0	0	0	0	0
Sum avsetninger	30037	52575	39323	37542	26116	23719
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	7816	0	0	0	0	0

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERINGAR REGNSKAP 2009 BUDSJETT 2010 BUDSJETT 2011 BUDSJETT 2012 BUDSJETT 2013 BUDSJETT 2014

Inntekter

Salg av driftsmidler og fast eiendom	1685	2000	4600	0	0	0
Andre salgsinntekter	0	0	0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	9191	0	0	0	0	0
Statlige overføringer	2711	2000	7400	31900	1500	1500
Andre overføringer	0	1500	1500	1500	500	500
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0	0	0	0
Sum inntekter	13586	5500	13500	33400	2000	2000

Utgifter

Lønnsutgifter	0	0	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	87606	181927	145800	152100	78500	65200
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	250	0	0	0	0	0
Overføringer	30150	10400	6700	3500	500	5000
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	0	0	0	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0	0
Sum utgifter	118006	192327	152500	155600	79000	70200

Finanstransaksjoner

Avdragsutgifter	10603	6700	6700	7500	8100	8200
Utlån	27494	10000	15000	15000	10000	10000
Kjøp av aksjer og andeler	1193	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket	6813	0	0	0	0	0
Avsetninger til ubundne investeringsfond	130	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne fond	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til likviditetsreserve	0	0	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	46233	16700	21700	22500	18100	18200

Finansieringsbehov

Finansieringsbehov	150652	203527	160700	144700	95100	86400
---------------------------	---------------	---------------	---------------	---------------	--------------	--------------

Dekket slik:

Bruk av lån	105489	149340	117440	105980	66700	60560
Mottatte avdrag på utlån	17641	10900	12800	12400	13000	13100
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	13431	0	0	0	0	0
Overføringer fra driftsregnskapet	15422	33010	30460	26320	15400	12740
Bruk av disposisjonsfond	1360	277	0	0	0	0

REGNSKAP 2009 BUDSJETT 2010 BUDSJETT 2011 BUDSJETT 2012 BUDSJETT 2013 BUDSJETT 2014

Bruk av ubundne investeringsfond	4026	10000	0	0	0	0
Bruk av bundne fond	0	0	0	0	0	0
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0	0	0
Sum finansiering	157369	203527	160700	144700	95100	86400
Udekket/udisponert	6716	0	0	0	0	0

Budsjettskjema 2A - investering

Investeringer i anleggsmidler	118006	192327	152500	155600	79000	70200
Utlån og forskutteringer	28687	10000	15000	15000	10000	10000
Avdrag på lån	10603	6700	6700	7500	8100	8200
Avsetninger	6944	0	0	0	0	0
Årets finansieringsbehov	164239	209027	174200	178100	97100	88400

Finansiert slik:

Bruk av lånemidler	105489	149340	117440	105980	66700	60560
Inntekter fra salg av anleggsmidler	1685	2000	4600	0	0	0
Tilskudd til investeringer	2711	3500	8900	33400	2000	2000
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	26832	10900	12800	12400	13000	13100
Andre inntekter	0	0	0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	136717	165740	143740	151780	81700	75660

Overført fra driftsbudsjettet	15422	33010	30460	26320	15400	12740
Bruk av avsetninger	18816	10277	0	0	0	0
Sum finansiering	170955	209027	174200	178100	97100	88400

Udekket/udisponert	6716	0	0	0	0	0
---------------------------	-------------	----------	----------	----------	----------	----------

Protokoll frå formannskapet den 01.11.2010

Behandling:

Økonomiutvalet vart einige om følgjande framdriftsplan i møtet:

1. Målkart.
2. Investering.
3. Fellesoversikt inntekter/utgifter.
4. Tekstforslag.
5. Saldering.
6. Tilråding.

Økonomiutvalet kom med små redigeringar i målkart, tekstdel og tilråding. Økonomiutvalet ønskjer at vedtaka frå hovudutvala og brev frå Kyrkjeleg Fellesråd skal følgje når saka blir sendt på høyring.

Forslag til tekstdelen:

Forslag frå Sigmund Rolfsen -a

Kommunestyret ber rådmannen vurdere alternative løysingar for Tu skule innafør allereie vedtatte ramme (1-7 i 2014) og Tu barnehage. Dette gjeld også kva som skal skje med skulen og tomta. Saka skal gå til høyring i avdelingane og organisasjonane. Saka blir også behandla i Hovudutval for skule og barnehage, Hovudutval for lokal utvikling og Formannskapet før kommunestyrebehandling. Sluttbehandling før september 2011

Votering:

Forslaget fekk 4 stemmer, Sigmund Rolfsen -a, Hilde Kraggerud -sp, Torbjørn Hovland -krf og Elfin Lea -h. Forslaget falt.

Forslag frå Rita Charlotte Thu -frp

- 1 Kommunestyret ber Hovudutval for skule og barnehage vurdere å satse meir på god rusforebygging allereie frå barneskulen i samarbeid med skule, foreldre, politi og kriminalomsorg.

Votering: 9 stemmer

- 2 Kommunestyret ber Hovudutval for helse og omsorg vurdere eldreombud og utvida dagens tilbud for dei eldre, for å hindra ensomhet og passivitet. Klepp kommune må i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar leggje til rette for eit rikt tilbud tilpassa dei ulike behova som finst blant eldre for å auka livsgleda og samfunnsdeltakinga.

Votering: 9 stemmer

Forslag frå Hilde Kraggerud -sp

- 1 Kommunestyret ber om at reglane for tilskott til idrettsbygg blir tatt opp til vurdering, spesielt m.o.t. tidspunkt for utbetaling. Det blir laga ein plan for utbetalingar av dei midlene der det allereie er gitt tilsagn om slikt tilskott, og at dette blir innarbeidd i handlingsplanen 2012-15.

Votering: 9 stemmer

2 Kommunestyret ber om at det blir fremma ei sak angående Klepp som FairTrade kommune.

Votering: 9 stemmer

Forslag frå Ane Marie Braut Nese -h

1 Kommunestyret ber om ei sak som viser kostnadskonsekvensane innan omsorgstenestene ved opning av Kleppetunet II med for eksempel 16 plassar. Denne blir lagt fram for kommunestyret før september 2011.

Votering: 9 stemmer

2 Kommunestyret ber om ei orientering om tildeling av støttekontaktar.

Votering: 9 stemmer

Forslag frå Anne Jorunn D. Friestad -v

Kommunestyret ber om at det blir sett ned ei gruppe med representantar frå NAV, etat for helse sosial og omsorg, eventuelt andre.

Grappa skal gi ein statusoversikt over unge sosialhjelpsmottakarar og vurdera mulige tiltak, bla. "Snu i døra" og "Kvalifiseringsprogrammet", for tettare og meir effektiv oppfølging. Dette for å få ungdommane raskt ut i meiningsfull jobb, skule, eventuelt behandling. Målet må vera å hindra vidare sosialhjelpskarriere.

Kommunestyret ber grappa særleg utgreie erfaringar frå prosjekt for unge sosialhjelpsmottakarar andre stader i landet med god effekt, før ferien 2011.

Votering: 9 stemmer

Forslag frå Solfrid Guddal Søyland -h

Målkartet i Handlingsplan for 2011 har som kommunemål at "Barn og unge skal ha trygge oppvekstvilkår." Ein av indikatorane er: "Ungdommen si oppleving av psykisk helse skal vera på fylkessnittet eller betre."

Kva tiltak vil Klepp kommune setja inn for å betra barn og unge sine oppvekstvilkår, slik at dei opplever betre psykisk helse? Kommunestyret ber om ei sak om dette før ferien 2011.

Votering: 9 stemmer

Saldering / ekstra rammestyrking:

Forslag frå Ane Mari Braut Nese -h

	2011	2012	2013	2014
Drift barnehage Tjøtta:	4,1 mill	4,1 mill	4,1 mill	4,1 mill
Ekstraordinært vedlikehald:	4 mill			
Drift Kleppetunet II: (i tillegg til tidlegare avsett)		4 mill	4 mill	4 mill

Til fordeling i etatane:		4,4 mill	4,4 mill	4,4 mill	4,4 mill
Fordelt slik for 2011:					
Lokal utvikling:	0,50 mill				
Sentraladministrasjonen:	0,50 mill				
Kyrkja:	0,10 mill				
Helse, sosial og omsorg:	1,65 mill				
Skule og barnehage:	1,65 mill				

Votering: 9 stemmer

Økonomiutvalet 01.11.10 sak 55/10

Handlingsplanen vert sendt på høyring med følgjande

Einstemmige TILRÅDING:

1. Forslag til handlingsplan 2011-2014 for Klepp kommune vert godkjent.
2. a Forslag til *nettoramme* for kvart rammeområde for 2011 og retningsgjevande rammer 2012-2014, slik det framgår av side --, vert godkjent.
 - b Forslag til investeringsbudsjett 2011 med tilhøyrande finansieringsplan, slik det framgår av side ---, vert godkjent.
 - c Forslag til budsjett for 2011 for fellesinntekter/-utgifter (herunder skatt, rammetilskot, andre statstilskot, renter, avdrag, utbytte, avsetjingar og overføringar til kapitalrekneskapen og reserverte tillegsløyvingar), side --, vert godkjent.
3. Forskotsskatt og forskotstrekk på formue og inntekt vert rekna etter følgjande satsar:

For personlege skatteytarar og dødsbu som vert likna etter § 15-3 i skattelova:

Skatt på inntekt (*) 11,3 %
 Skatt på formue 1 %

(*) Skatt på inntekt vert fastsett i h.t. det høgaste skatteøre som Stortinget vedtar.
4. a Til finansiering av investeringar i 2011 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 103.740.000 som fordeler seg slik:
 - Ordinære investeringar91.440.000
 - VAR-investeringar 3.300.000
 - Omsorgsbustader (Husbanken) 4.500.000
 - Flyktningebustader (Husbanken)4.500.000
 - b - Nedbetalingstid på lån 2011-2012, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskride 25 år.
 - Nedbetalingstid på lån 2013-2014, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskride 20 år.
 - Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskride 25 år.

- c Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i vedtatt finansreglement av 21.06.2010.
5. a For lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån) vert det i 2011 tatt opp inntil 15 mill.kr.
- b I medhald av retningslinjene frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på ¼ % pr. utlån.
6. a Framlegg til kommunemål, indikatorar og ambisjonar 2011 vert godkjent.
- b Under fokusområde økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:
- Netto driftsresultat: Minimum 3 %.
 - Likviditet: Arbeidskapital minimum 15 %.
7. For løyvingar til vedtekne prosjektet (investeringar) som ikkje er fullførte ved årsskiftet 2011/2012 kan resterande løyving førast opp i kapitalbudsjettet for 2012 eller seinare år utan ny behandling i kommunestyret.
8. Kommunale avgifter/betalingssettar vert auka slik i 2011:

Foreldrebetaling barnehagar: Gjeldande makspris (følgjer retninglinjer frå sentralt hald)	kr 2.330 pr.mnd.
Eigenbetaling omsorgstenester	eige regulativ
Kulturskulen	+ 4 %
Foreldrebetaling SFO	+ 4 % / eiga sak
Byggesaksbehandlingsgebyr	eiga sak
Plangebyr	eiga sak
Oppmålingsgebyr	eiga sak
Kloakkavgift	+ 7 % eiga sak
Renovasjonsavgift	inga auke
Vassavgift	+ 10 % eiga sak
Gebyr slam	+ 4 %
Feieavgift	+ kr 10
Husleige kommunale bustader	+ 5 %

9. Kommunestyret ber Hovudutval for skule og barnehage vurdere å satse meir på god rusforebygging allereie frå barneskulen i samarbeid med skule, foreldre, politi og kriminalomsorg.

10. Kommunestyret ber Hovudutval for helse og omsorg vurdere eldreombud og utvide dagens tilbud for dei eldre, for å hindre ensomhet og passivitet. Klepp kommune må i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar leggje til rette for eit rikt tilbud tilpassa dei ulike behova som finst blant eldre for å auka livsgleda og samfunnsdeltakinga.
11. Kommunestyret ber om at reglane for tilskott til idrettsbygg blir tatt opp til vurdering, spesielt m.o.t. tidspunkt for utbetaling. Det blir laga ein plan for utbetalingar av dei midlene der det allereie er gitt tilsagn om slikt tilskott, og at dette blir innarbeidd i handlingsplanen 2012-15.
12. Kommunestyret ber om at det blir fremma ei sak angående Klepp som FairTrade kommune.
13. Kommunestyret ber om ei sak som viser kostnadskonsekvensane innan omsorgstenestene ved opning av Kleppetunet II med for eksempel 16 plassar. Denne blir lagt fram for kommunestyret før september 2011.
14. Kommunestyret ber om ei orientering om tildeling av støttekontaktar.
15. Kommunestyret ber om at det blir satt ned ei gruppe med representantar frå NAV, etat for helse sosial og omsorg, eventuelt andre. Grappa skal gi ein statusoversikt over unge sosialhjelpsmottakarar og vurdere mulige tiltak, bla. "Snu i døra" og "Kvalifiseringsprogrammet", for tettare og meir effektiv oppfølging. Dette for å få ungdommane raskt ut i meningsfull jobb, skule, eventuelt behandling. Målet må vera å hindre vidare sosialhjelpskarriere. Kommunestyret ber grappa særleg utgreie erfaringar frå prosjekt for unge sosialhjelpsmottakarar andre stader i landet med god effekt, før ferien 2011.
16. Målkartet i Handlingsplan for 2011 har som kommunemål at "Barn og unge skal ha trygge oppvekstvilkår." Ein av indikatorane er: "Ungdommen si oppleving av psykisk helse skal vera på fylkessnittet eller betre." Kva tiltak vil Klepp kommune setja inn for å betra barn og unge sine oppvekstvilkår, slik at dei opplever betre psykisk helse? Kommunestyret ber om ei sak om dette før ferien 2011.

Saldering / ekstra rammestyrking:

	2011	2012	2013	2014
Drift barnehage Tjøtta:	4,1 mill	4,1 mill	4,1 mill	4,1 mill
Ekstraordinært vedlikehald:	4 mill			
Drift Kleppetunet II: (i tillegg til tidlegare avsett)		4 mill	4 mill	4 mill

Til fordeling i etatane:		4,4 mill	4,4 mill	4,4 mill	4,4 mill
Fordelt slik for 2011:					
Lokal utvikling:	0,50 mill				
Sentraladministrasjonen:	0,50 mill				
Kyrkja:	0,10 mill				
Helse, sosial og omsorg	1,65 mill				
Skule og barnehage	1,65 mill				